



Adresseliste

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Geir Moen, 71 25 84 71

## Ny forskrift om fiske utanfor vassdrag med anadrome laksefisk (munningsfredingssoner) og nedsenking av garn i sjøen

Etter gjennomført høyring med frist 19. mai 2022, har Statsforvaltaren i Møre og Romsdal fastsett ny forskrift som regulerer fiske utanfor vassdrag med anadrome laksefisk og nedsenking av garn i sjøen.

Forskrifta er kunngjort på Lovdata og gjeld frå 01.06.2023. Ein kopi av forskrifta er også lagt ved dette brevet.

### Om prosessen

#### Bakgrunn og formål

Formålet med å regulere fisket ved utløpet av vassdrag og nedsenking av garn er å gje anadrome laksefisk naudsynt vern mot overbeskatning. I munningsområda oppheld laksefisk seg over lengre tid, og kan opptre i stimar i påvente av gode tilhøve for oppvandring i vassdraget, eller for avlusing i brakkvatn. Der vassdraga renn ut i sjøen blir det danna brakkvatn, særleg i smale fjordar, sund og pollar. Her er det ofte rike blautbotnsområde med store mengder næringsdyr, der sjøaure kan samle seg for å beite. Når smolten vandrar ut frå elvene om våren er den sårbar for ytre påverknader i overgangen mellom ferskvatn og saltvatn. Nedsenking av garnreiskap er viktig for å unngå bifangst av anadrom fisk ved fiske etter andre artar.

Det kan opnast for hausting av anadrome laksefisk ved lov eller vedtak med heimel i lov, jf. naturmangfaldlova § 15. Utgangspunktet er at hausting av anadrome laksefisk berre er tillate når det kan dokumenterast at arten produserer eit haustbart overskot, jf. naturmangfaldlova § 16 tredje ledd. Vedtak om å tillate hausting av anadrome laksefisk er heimla i lakse- og innlandsfiskloven § 33.

Bestandstilstand for sjøaure og laks i Møre og Romsdal tilseier at det ikkje er grunnlag for hausting av sjøaure og laks mange stader, særleg gjeld dette sjøaure. I ein rapport frå Vitenskapelig råd for lakseforvaltning frå 2022 var over 60 % av sjøaurebestandane i 200 vurderte vassdrag i Møre og Romsdal i svært dårleg eller dårleg tilstand, og berre 3 % i god eller svært god tilstand. I ein rapport



om status for norske laksebestandar i 2021 var 47% av laksebestandane i 58 vurderte vassdrag i Møre og Romsdal i svært dårleg eller dårleg tilstand.

Den nasjonale forskrifta om fiske etter anadrome laksefisk i sjøen, § 3, inneheld grunnreglane for fiske i 100-meters sona utanfor vassdrag. Forskrift om redskaper mv. ved laksefiske, § 12 inneheld eit forbod mot å sette nokon del av fastståande reiskap (kilenot m.v.) nærare enn 100 meter frå munningen av alle vassdrag med anadrome laksefisk.

Statsforvaltaren har heimel til å utforme forskrift om munningsfredingssoner og nedsenking av garnreiskap gjennom lakse- og innlandsfiskelova § 40 og § 41. Dei fylkesvise forskriftene kan ha strengare reglar enn dei nasjonale forskriftene, men ikkje mildare. I tillegg til å verne fiskebestandane mot overbeskatning, ønskja vi også å forenkle regelverket og gjere det meir tilgjengeleg. Vi foreslo difor å samle 4 fylkesvise forskrifter som gjeld regulering av fiske etter anadrome laksefisk i sjø i denne forskrifta, slik at vi står igjen med ei forskrift.

Den nye forskrifta vil gjelde fram til ny rullering som tidlegast vil skje i 2026.

### Endring frå tidlegare forskrifter

Den nye forskrifta samlar 4 fylkesvise forskrifter som gjeld regulering av fiske etter anadrome laksefisk i sjø i slik at vi står igjen med ei forskrift.

Dette gjeld:

- *Forskrift om fiske etter anadrome laksefisk, fredning ved utløp av vassdrag, i sund og straumar, Møre og Romsdal*
- *Forskrift om freda sone ved utløp frå kraftstasjon til sjø i Møre og Romsdal*
- *Forskrift om nedsenking av garnreiskap, Møre og Romsdal*
- *Forskrift om freda sone ved Dragsundet og Holmsundet, Skodje og Eide kommunar.*

Forslaget som vart lagt ut på høyring hadde med 3 nye munningsfredingssoner på Vartdalsstranda (Barstadvikelva, Storelva på Vartdal og Nordre Vartdalselva), samt utviding av sona i Malmefjorden. Dette vart vedteke med bakgrunn i bestandssituasjon for anadrome bestandar i elvane. Det er i tillegg klargjort kvar grenselinja i indre Dalsfjord (utanfor Steinsvikelva og Åmela) går.

Det er og fleire endringar frå dei 4 gjeldande forskriftene, men for bakgrunnsinformasjon om den nye forskrifta, viser vi til nyhendesak på heimesida til Statsforvaltaren 20.04.2022. Meir oppdatert informasjon om fiskereglar vil kome på Statsforvaltaren i Møre og Romsdal si nettside. Fiskereglar i kvar enkelt sone vil bli tilgjengeleg der.

### Endringar etter høyringsrunde

Vi fekk 48 høyringssvar, del aller fleste frå Sunnmøre. Innspela er kommentert i vedlegg til dette brevet. Det er i hovudsak innspel til endringsforslaga som er vurdert. Vi fekk ein del innspel på justering av fleire soner enn dei som har vore tema for denne høyringa. Innspela elles gjeld mange tema og er til delt sprikande, men eit gjennomgangstema er at forslaget går utover fritidsfiske etter saltvassfisk i munningsfredingsssonene, særleg for barn og unge. Vi har teke delvis omsyn til dette og lar barn og unge under 18 år fiske saltvassfisk med stong og handsnøre frå land i munningsfredingssoner heile året, unnateke mars og april. I munningsfredingssoner der alt fiske i elvane er stengt innebar høyringsforslaget at alt fiske etter saltvassfisk vart stengt i perioden 1.3-30.09, og ein del reagerte på dette. Dette er det teke omsyn til ved at vi vil tillate fiske etter saltvassfisk i munningsfredingssona med handsnøre frå is og båt i ro, heile året. Stong frå båt blir



ikkje tillate. Vi har og tillate fiske etter saltvassfisk (inkludert krepsdyr og blautdyr) med teiner heile året, når heile fangst delen til ein kvar tid står minst 5 meter under havoverflata. Endringane gjeld berre munningsfredingssona, ikkje 100-meterssona. Det er og ei endring for fiske med botngarn i munningsfredingsområdet utanfor Steinsvika og Åmela (§ 5 f).

Den nye forskrifta reduserer sjansen for utilsikta og tilsikta fangst av anadrom fisk i sjøen utanfor dei mest sårbare vassdraga våre. Bestandssituasjonen for sjøaure er i hovudsak for dårleg i heile fylket; noko som gjev grunnlag for innskjerping av regelverk dei fleste stader. Samtidig tek forskrifta omsyn til allemannsretten i sjø ved at det er lov å fiske etter både anadrom fisk og saltvassfisk i munningsfredingssona når det er fisketid i elva. I tillegg er det lov å fiske med handsnøre i munningsfredingssona etter saltvassfisk heile året, og fleire reiskapstypar frå båt og land 1.10-28.02. Det er som nemnt og unntak for barn og unge for stongfiske etter saltvassfiske.

Framover blir det viktig å informere godt om regelverket, og kommunar og Statsforvaltar må sørge for at grense elv/sjø blir vedtatt for alle vassdrag, slik at det blir klårare kor 100-meterssona er. For å få opp bestandane av anadrom fisk i fylket er det viktigaste likevel å redusere dei mest negative påverknadene som er lakselus, landbruk, vasskraftregulering og samferdsel for sjøaure, og lakselus, rømt oppdrettslaks, klimaendringar, fysiske inngrep og vasskraftregulering for laks (kjelde: Vitenskapeleg råd for lakseforvaltning, 2022).

Vi ser det ikkje som aktuelt å revidere denne forskrifta før det er fastsett og merka grense elv-sjø for ein vesentleg del av dei vassdraga der det er fastsett munningsfredingssoner. Når desse grensene er på plass, kan det bli aktuelt å justere noko på fiskereglane i munningsfredingssonene.

Oppsummering av høyringa samt den nye forskrifta ligg ved.

Med helsing

Ulf Lucasen (e.f.)  
assisterande miljøverndirektør

Geir Moen  
seniorrådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*



## Notat:

### Oppsummering av høyring på «Ny forskrift om fiske utanfor vassdrag med anadrome laksefisk (munningsfredingssoner) og nedsenking av garn i sjøen»

Vår ref: 2022/2027

Dato: 09.05.2023

I det vidare summerer vi opp innkomne merknader til høyringa. Først nokre tematiske innspel, og deretter geografisk.

## 1. Merknadar til høyringsforslaget

Merknader til endringsforslag i forskrift om fiske utanfor vassdrag med anadrome laksefisk (munningsfredingssoner) og nedsenking av garn i sjøen

### 1.1 Samling av forskriftene og forenkling av regelverk

#### 1.1.1 Høyringsuttalar

Forum for natur og friluftsliv Møre og Romsdal (FNF) er positiv til at 4 forskrifter blir samla til ei, men meiner regelverket framleis er for komplisert til å bli kalla ei forenkling. FNF ser på formidling av informasjon som særleg viktig for å unngå misforståingar, og at kart og reglar burde vore tilgjengeleg via ein app som er meir bruksvennleg på mobil. FNF ser i tillegg behov for ei kolonne i forskriftstabellen som viser fiskereglar i kvart munningsfredingsområde. For FNF verkar skiljet mellom 100-meters fredingssona og munningsfredingssona ikkje enkel eller logisk å forstå. Dei ber om at arbeidet med å fastsette grenser til 100-meterssone (grense elv-sjø) startar med det første, slik at ordlyden i gjeldande reglar blir meir eintydig å tolke ute i terrenget og på kart.

Terje Systad meiner forslaget til fiskereglar i munningsfredingssonene er alt for omfattande og komplisert.

Bjørn Storhaug meiner regelverket er for komplisert og vanskeleg å forstå.

Kenneth Strandabø meiner problemet med dagens regelverk er at folk ikkje får det med seg. Reglane for utvida munningsfredingssoner er berre for spesielt interesserte og er dårleg skilta, meiner han. Skilt i kvar ende av munningsfredingssona bør settast opp. Folk blander omgrepa munningssoner og 100-meterssone. Han meiner det kanskje burde blitt brukt fargekodar for å skilje sonene frå kvarandre. Raud sone for 100-meterssone og gul sone for utvida sone (munningsfredingssoner). Strandabø foreslår at sjøauren blir freda i heile fylket heile året, dvs. om den som fisker får ein sjøaure skal denne settast tilbake i sjø/elv død eller levande. Dette er eit enkelt regelverk som alle kan forstå og respektere. Når ein ny utvida munningssoner blir vedteken bør det i tillegg gjerast ein solid infokampanje i det lokale området, til dømes store artiklar i lokalavis og infoplakatar i småbåthamnvar etc. Oversikt over alle utvida munningsfredingssoner bør leggjast inn i ei kartteneste slik det blir lettare for folk å finne rett informasjon. Folk har ikkje respekt for regelverket, og det verserer forskjellige tolkingar av det. Han har fått opplyst frå Statens Naturoppsyn (SNO) at dei slit med å handheve regelverket. Med dagens regelverk er det praktisk talt umogleg for SNO å jage vekk fiskarar eller bøtelegge folk som openbart fisker etter sjøaure inne i dei utvida munningssonene, hevdar Strandabø. Så lenge fiskaren seier han fisker etter torsk/sei er det ingenting SNO kan gjere. SNO kan ikkje ein gang krevje at fiskaren viser frem fangsten i fiskeveska eller båten. Dette burde SNO få mynde til å krevje frå fiskaren, meiner han.



Sverre Foldal skriv at han lenge har ønska eit totalforbod mot fiske av sjøaure både i sjø og elv, og meiner dette må til for å stoppe den negative bestandsutviklinga. Eit forbod mot fiske med stang frå land også etter maritime artar i utvida munningsfredingssoner, er derimot som eit ekstremt inngripande, og lite treffsikkert tiltak, meiner han. Samtidig opnar utkastet for auka fiske etter sjøaure og laks i fleire munningsfredingssoner, der sjøauren i gjeldande forskrift er totalfreda på grunn av at ei eller fleire av elvene som renn ut i fredingssona ikkje har fisketid for sjøaure. Døme på dette er Syvdefjorden (Vanylven), der fisketid i sjøen under gjeldande forskrift er regulert av fisketida i Norddalselva. I munningssona i Austefjorden (Volda) har sjøauren også vore totalfreda i mange år, då det ikkje har vore fisketid i Sunndalselva og Skinnvikelva. No skal det igjen bli lovleg å hauste av sjøaurebestanden både i sjø og ferskvatn, då fisket i sjø blir regulert av fisketida i høvesvis Oselva og Austefjordvassdraget (Fyrdselva). Dette gir rett og slett ikkje mening, meiner han. Han går ut frå at dette gjeld mange av munningsfredingssonene i heile fylket. Han har sett si dose av ulovleg sjøaurefiske oppgjennom åra, men erfaringa hans er at den store majoriteten av alle som fiskar frå land i munningsfredingssoner utgjer liten eller ingen risiko for sjøaurebestanden. Mange fiskarar er derimot ikkje klar over fiskereglane for sjøaure, og så er der sjølvsagt nokon som ikkje bryr seg fordi sjansen for å bli tatt er så forsvinnande liten.

Stranda kommune har ikkje innvendingar til at fleire forskrifter blir slått saman, så lenge dette ikkje fører til at ein mister viktige nyansar.

Valldal elveeigarlag meiner det bør vere eit enkelt og klart fiskeforbod i munningssona.

Joakim Sølsnes meiner det bør vere fiskeforbod i 100-meterssona.

Ørsta kommune (formannskap) støttar å samle fleire regionale forskrifter i ei, og at elvane langs Vartdalsstranda blir omfatta av forskrifta.

Sindre Olav Kvangarsnes skriv at det har vorte mykje bråk om tolking av regelverk i fredingssonene etter at notfiske igjen vart tillate. Slik regelverket har vore så har det faktisk vore tillate med snurpenot inne i sonene.

Erik S. Andresen meiner forskriftsutkastet i stor grad er grunngjeve ut frå omsynet til forenkling ettersom ein ikkje i tilstrekkeleg grad har kartlagt dei ulike områda i fylket. Kwart område bør vurderast særskilt.

### 1.1.2 Statsforvaltaren si vurdering

Ingen av høyringsinstansane har noko i mot at dei 4 regionale forskriftene blir samla i ei, men Stranda kommune føreset at dette ikkje fører til at ein mister viktige nyansar. Vi har difor gått vidare med samanslåinga. Forskriftene er harmonisert mellom anna når det gjeld tidspunkt for ulike typar fiske, slik at det ikkje er unaturlege avvik. Både for fiskarar og forvaltning er det enklare å ha oversikt med ei forskrift enn fleire, særleg sidan dei til dels har vore overlappende.

Fleire av instansane meiner at dagens regelverk er for komplisert, og nokre også at det nye forslaget er for komplisert til å bli kalla ei forenkling. Vi er samd i at regelverket er komplisert for mange, men det er vanskeleg å forenkle dette vesentleg fordi det er retningsliner og forskrifter frå fleire sektormynde og ulike typar fiske. Ved å samle 4 forskrifter som Statsforvaltar har ansvar for, har vi likevel gjort det enklare å få oversikt. Fiske med stong i 100-meterssona er tillate samtidig som i elva. At barn og unge har kjennskap til at det er fredingssone for å beskytte ein art kan være viktig



lærdom å ta med seg i livet. Den nye forskrifta er bygd opp slik at det er rom for færre mistydingar enn tidlegare. Nasjonale retningslinjer viser til at det skal være strengare restriksjonar i 100-meterssona enn i munningsfredingssona (utvida sone), der allemannsretten til fiske i sjø skal vektleggast tyngre. Når det samtidig er ulike fiskereglar for ulike typar fiske vil det ikkje kunne bli veldig enkelt. Kenneth Strandabø og Sverre Foldal meiner at sjøaure bør fredast i heile fylket, og at det blir krav om gjenutsetting. Strandabø foreslår straffeforfølgning om nokon tek med seg sjøaure heim. To av innspela foreslår fiskeforbod i 100-meterssona heile året. Alle desse forslaga hadde gitt ei klar forenkling, men retningslinjene frå Miljødirektoratet anbefaler same fisketid som i elva i 100-meterssona, og mindre strenge restriksjonar i munningsfredingssona for å ta omsyn til allemannsretten i sjø. Regelen om same fisketid i elv og 100-meterssona er og brukt i nasjonal forskrift. Vi får då fiske i elvar og 100-meterssone der det er haustbar bestand, og ikkje noko fiske når det er stengte elvar. Dette er i samsvar med haustingsprinsippet i naturmangfaldlova, som seier at hausting av anadrome laksefisk berre er tillate når det kan dokumenterast at arten produserer eit haustbart overskot. Erik S. Andresen meiner ein ikkje i tilstrekkeleg grad har vurdert kvart enkelt område, men bestandssituasjonen for sjøaure og laks er vurdert for kvart enkelt elv av Vitenskapeleg råd for lakseforvaltning, og Miljødirektoratet har fastsett fisketider i elvene ut frå mellom anna dette. Kvart enkelt område er difor vurdert for seg når det gjeld anadrom fisk, og har fått tilpassa fisketider i sonene.

Det er og behov for formelle vedtak om kvar grensa mellom elv og sjø går fleire stader, slik at 100-meterssona blir klarare definert. Kommunane har hatt mynde til dette i lengre tid, men det er gjort få stader. Statsforvaltaren fekk og delegert mynde til å kunne vedta dette i 2022, og vi har søkt om midlar til eit prosjekt for å få starte dette arbeidet.

Kenneth Strandabø har spelt inn bruk av fargekodar til å skilje mellom sonene, og dette er noko som er tenkt brukt til kartframstilling for å skilje mellom 100-metersone og munningsfredingszone, der grensene er klarlagde.

God informasjon er viktig, og vi vil arbeide vidare med dette innanfor dei rammene vi har til rådvelde. Fiskereglar for kvar enkelt sone vil bli tilgjengeleg på heimesida til Statsforvaltaren. På sikt vil kartfesta munningsfredingssoner bli gjort tilgjengeleg i ei nasjonal, digital innsynsløysning. Statsforvaltaren har i dag digitale kart på Gislink.

## 1.2 Yrkesfiske med lys og not i munningsfredingszone

### 1.2.1 Høyringsuttalar

Møre og Romsdal fiskarlag og Fiskarlaget Vest er begge medlemslag i Norges Fiskarlag og organiserer fiskarar og fiskefartøy i Møre og Romsdal, tidlegare Hordaland og Rogaland. Dei har fleire medlemmar som driv fiske også i fjordane langs heile kysten. Fleire av disse medlemmene har fiske etter pelagiske arter som makrell, hestemakrell og sild som ein vesentleg del av sitt driftsgrunnlag. Fiske etter makrell, hestemakrell, og sild går føre seg på haustparten og blir utøvd i hovudsak med relativt små kystnotfartøy.

Dette fisket skjer på vandrande bestandar som oppheld seg i desse fjordområde i ein relativt kort periode. Basert på fangstrapportering og sluttsetel frå Norges Sildesalgslag er innslaget av bifangst av andre artar (botnfisk) på eit svært lågt nivå. Sluttsetel frå 2020 viser at bifangst av botnfisk (i hovudsak sei og lyr) var på låge 0,64%. Bifangst av laksefisk er ikkje registrert. Formålet med den nye forskrifta er «... å gje anadrome laksefisk naudsynt vern mot overbeskatning i sjøen i Møre og



Romsdal». Etter deira oppfatning vil ikkje eit forbod mot fiske etter pelagiske arter i elvemunningssonen og tilgrensande soner gi eit forbetra vern mot overbeskatning, heller tvert om sidan spesielt makrell og hestemakrell er veldig effektiv predator når de opptrer i store stimar på jakt etter byttedyr.

I dei seinare åra har der vore registrert store stimar av makrell og hestemakrell i fleire av fjordsystema i Møre og Romsdal og ein må anta at disse stimane konsumerer store mengder av dei stadbundne ressursane, inkludert laksefiskane sine næringsressursar. Etter fiskarlaga si oppfatning, er det i eit økologisk perspektiv, positivt for «fjordsystema» at ein haustar av dei pelagiske ressursane som oppheld seg der. Møre og Romsdal Fiskarlag og Fiskarlaget Vest finn det uholdbart at ein no foreslår å innskrenke yrkesfiskarane sitt driftsgrunnlag og moglegheit til å kunne utøve sitt yrke i fjordane, slik som foreslått i høyringa. Basert på fangstrapportering til myndigheiter og i litteraturen finn dei ingen haldepunkt for at (not)fiske etter pelagiske arter i fjordsystema har påverknad på bestandane av anadrome laksefiskar i nemneverdig negativ grad.

Møre og Romsdal Fiskarlag og Fiskarlaget Vest meiner at ein må innføre eit generelt unntak for fiske etter alle pelagiske arter med notreiskap innanfor elvemunningsfredingssonene for manntalsførte fiskarar der reiskapen er satt ut av fartøy som er registrert i merkeregisteret for norske fiskefartøy, tilsvarende det ein har i dagens forskrift (FOR-1994-05-31-619) § 1 for fiske etter sild og brisling.

Når det gjeld forslag til avgrensinga av elvemunningsfredingssona (utanfor 100 meterssona) angitt i vedlegg, har dei ikkje nokon spesielle merknader bortsett frå området utfor Steinsvikselva i Volda kommune. Her meiner dei at ein må oppretthalde det dei meiner er eksisterande grense som går fra Åmela i vest til Bråkhamreelva i øst (M 711/32 V UTM: LP frå 350 796 til 358 796).

Ut over dette så har dei ikkje nokon andre spesielle kommentarar til forslag til ny forskrift.

#### Kampen Fisk DA m.fl.

Kampen Fisk DA og 5 andre fiskefartøy/føretak har levert felles innspel og meiner at forslaget til forskrift i praksis inneber eit yrkesforbod for yrkesfiskarar som driv i fjordane. For den minste fiskeflåten er fjordane viktige område. Dei meiner at yrkesfiske ikkje er årsak til redusert bestand av anadrome laksefisk. Dei meiner at bifangst av laks ikkje er ei utfordring ved fiske med not, dorg eller garn, og at påstandar om bifangst av laks ved lysfiske ikkje er korrekt. Fiskeri er ikkje nemnt som ei negativ påverknad på sjøaure av Vitenskapeleg råd for lakseforvaltning. Dei meiner at fiske etter makrell og hestemakrell kan vere positivt for bestandar av anadrome laksefisk, fordi det kan tenkast at lakseyngel kan vere noko av føda til makrell eller hestemakrell. Dei meiner ei revidering av forskrifta må inkludere makrell og hestemakrell, som på tidspunktet gjeldande forskrift vart vedteken, ikkje var aktuelt fiskeri i fjordane.

Skjåstaddalsvassdraget elveeigarlag meiner at munningsfredingssonar bør stengast for lysfiske og yrkesfiske i alle forme.

John Breivik m.fl. (signert fleire personar frå Syvdefjorden, inkludert Vik elveeigarlag) ønskjer forbod mot notfiske innanfor sona i Syvdefjorden.

Vanylven kommune støttar uttalen til John Breivik m.fl. om notfiske og fleire tema

Grendalag i Volda (Austefjord grendalag og Indre Dalsfjord grendalag) meiner det ikkje kan godtakast bruk av lys ved fiske grunnare enn 200 meter djupne og 1000 meter frå land i alle retningar. For snurpenot/ringnot ikkje nærare botn enn 50 meter, og forbod innanfor fastsette fjordlinjer/sperrelinjer. Fiske med snurpenot som når i botn og bruk av lys ved snurpenotfiske er



drepende for lokale fiskeartar i tronge område – eitt kast er nok til å setje ein fjord langt tilbake i tid med tanke på fisk, meiner grendalaga.

Ein er akkurat no vitne til andre gongs utfisking av lokale fiskeartar – ein opplevde det same rundt 1960, hevdar dei. Regulering av lysfiske og djup snurpenot må starte no, så kjem fiske på stor morfisk – regulering av garn og andre tiltak så langt det er naudsynt.

Når ein registrerer overbelastning utover bereevna må ein regulere bruken – så forske. Ikkje som i dag vente med regulering til «bifangsten» er borte – så avise regulering – for bevisa er borte. Lokale fiskestammer i fjordar og grunne område er og beredskap – å tillate overfiske som i dag er dårleg forvaltning, dårleg matberedskap og dårleg langsiktig økonomi i samfunnet, avsluttar grendalaga.

Indre Dalsfjord grendalag ønskjer å utvide munningsfredingssona i Dalsfjorden, sidan det er foreslått forbod mot yrkesfiske med lys og not. Grendalaget meiner at sona skal gå frå Åneset, nord for 100 meter-sona av utløpet til Åmela kraftstasjon. Derifrå rett over fjorden til det inste Illurneset Grendalaget meiner å ha observert under lysfiske at fleire laksar hoppa inne i lyset utanfor elveosen til Åmela. Dei meiner laksen ikkje hadde store sjansar til å kome unna då nota på 500-600 meter vart sett rundt lysbåten. Om det ikkje vert forbod om lys og ringnotfiske er det heller ikkje grunn for ei fredingssone, då denne har liten verdi for å berge laksen. Grendalaget skriv at fisking har vore livberging for mange før tida, og kjekk hobby og matauk for mange no. At yrkesfiskarane kan kome med lova i hand og setje nota i fjøra innerst i fjorden er ikkje greitt, meiner grendalaget.

Volda kommune støttar uttalen til indre Indre Dalsfjord grendalag, utan å nemne yrkesfiske spesifikt.

Oddvar Høydalsvik skriv at forskrifta må ha formuleringar om bruk av lys og snurpenot sin påverknad på lokale fiskestammar og sjøfugl i fjordbotnar og kystområde. Utgangspunktet er at lysforbodssonene var oppheva av Fiskeridirektoratet i J-169-2017. I telefonsamtalar med fiskeridirektoratet sine folk opplyser dei at dette er Statsforvaltaren sitt bord, seier Høydalsvik. Det er høve til å setje grenser mange kilometer ut frå elveosane sine elvemunningsfredingssoner ved behov. Høydalsvik meiner Fiskeridirektoratet si overkøyning av reguleringane til Miljødirektoratet er ei miljøbombe, eller katastrofe for lokale sjøfugl- og fiskebestandar.

Sindre Olav Kvangarsnes skriv at det har det vorte mykje bråk om tolking av regelverk i fredingsssonene etter at lysfiske igjen vart tillate. Slik regelverket har vore så har det faktisk vore tillate med snurpenot inne i sonene. Dette har spesielt gått føre seg i Austefjorden og Dalsfjorden i Volda. Det er ikkje tvil i at dette fiskeriet er ein stor trussel og risiko for anadrom laksefisk då dette fiskeriet går føre seg på hausten når fisken går i sonene i påvente av å gå opp i elvane. Då må ein faktisk angripe problemet med utøving av dette fiskeriet og ikkje blande inn fiskeri som ikkje er ein trussel for anadrom laksefisk. Fiske frå båt med handsnøre, samt tradisjonelt vinterfiske etter typiske saltvassfiskar utgjer ingen trussel mot anadrom laksefisk, meiner Kvangarsnes. Han vil spesielt peike på sona i Indre Dalsfjord. Skal den ha mening må sona utvidast til å gjelde 300 meter utom utløpet til Åmela kraftverk og rett over fjorden. Han er stasjonsmeister på Åmela kraftverk og ser godt at det samlar seg store mengder anadrom laksefisk utanfor utløpet til kraftverket. Det er faktisk mykje meir anadrom fisk rundt dette utløpet enn det er både ved Steinsvikelva og ved gamle Åmela. Det er ikkje tvil om at snurpenot i dette området utgjer ein stor trussel mot desse bestandane.

Det har heilt sidan byrjinga av 1990-talet vore munningsfredingssone utanfor Steinsvikelva og Åmela. Då sona vart innført skapte det sterke reaksjonar blant bygdefolket, seier han. Etter litt





justering av regelverket har bygdefolket levd godt med dei gjeldande reglane i sona. Det som har skapt sterke reaksjonar er forskjellsbehandlinga som har vore i forhold til utøving av yrkesfiske og fritidsfiske. Dette gjorde seg spesielt gjeldande etter at det igjen vart tillate med lysfiske i fjordane. Slik gjeldande regelverk er utforma er det fullt lovleg og drive med snurpenotfiske etter sild i vernesonene. Dette fiskeriet foregår på hausten då laks og aure vert gåande utanfor elvemunningar, i påvente av å gå opp i elvane for gyting. Dette gir ikkje meining då forskrifta skal gi naudsynt vern mot risiko for overbeskatning av anadrom laksefisk i sjøen. Hensikta med dei nye forskriftene må nettopp vere å få slutt på denne praksisen, meiner han. Alt fiske med snurpenot må derfor forbyast i vernesonene, meiner Kvangarsnes. Det er uforholdsmessig å forby botngarn av ein viss maskestørrelse for utøving av tradisjonelt vinterfiske etter typiske saltvassfiskar som torsk, lyr, hyse, sei osv., meiner han. Det er difor viktig at gjeldande reglar vert vidareført i den nye forskrifta. Det er også uforholdsmessig å forby handsnøre frå båt i sona, og gjeldande reglar må vidareførast

Steinsvik Fjordfiske og Steinsvik Fjordhytter er to reiselivsbedrifter som i over 20 år har drive turisme utifrå konseptet fisketurisme. Slik forslaget er utforma vil det bety kroken på døra for å drive vidare innanfor dette konseptet, meiner dei. Dalsfjorden er ein fiskerik fjord. Fisken endar ofte i enden på fjorden, og hamner inne i sonene for vern av anadrom laksefisk. Det vil vere umogleg å etterleve eit forbod mot handsnøre frå båt slik den nye forskrifta legger opp til. Forslaget gir heller ikkje meining då fiske med handsnøre frå båt ikkje er eit trugsmål mot anadrom laksefisk. Dei meiner at dagens regelverk fungerer etter hensikta. Dei har ikkje observert fangst av verken laks eller aure frå båt gjennom alle desse åra vi har drive med fisketurisme. Dei meiner det er heilt avgjerande for deira verksmed at dagens regelverk andsynes fiske frå båt vert vidareført slik det er i dag.

Austefjord grendalag meiner yrkesfiske med lys og not ikkje burde vere lov innanfor munningsfredingssona. Dei meiner nøtene øydelegg fjordbotnen utanfor Fyrdselva der elva er grunn, og skriv at dei har bilete av dette. Dei lurar på om dette fisket er innanfor regelverket. Båtane fører også til mykje støy og lys som er utfordrande for både barn og vaksne som bur nær fjorden.

Runde miljøseniter skriv at dei arbeider med kunnskapsgrunnlag for regulering av notfiske i fjordane på Søre Sunnmøre, etter initiativ frå Vanylven og Sande kommune. Dei legg ved prosjektskisse og skriv at det blir opp til forvaltningsmyndigheitene å bruke resultatata til ei eventuell regulering av notfisket.

### 1.2.2 Statsforvaltaren si vurdering:

Yrkesfiske i munningsfredingsssonene har teke seg opp dei siste åra, etter at Fiskeridirektoratet opna for lysfiske i Møre og Romsdal i 2017, og det i har tillegg vore store stimar med makrell og hestemakrell i fjordsystema i fylket dei siste åra. Fisket har vore konfliktfylt fleire stader, særleg der det har foregått inne i fjordbotnane og nært på busetnad. Nasjonale retningslinjer frå Miljødirektoratet anbefalar at fiske med not, snurrevad og trål ikkje skjer nærare elvemunning enn 500 meter frå grense elv-sjø, når reiskapen blir satt av manntalsførte yrkesfiskarar frå merkeregistrerte fartøy. I Møre og Romsdal er grense elv-sjø fastsett så få stadar at ei slik grense ikkje vil fungere. Den ytre grensa i munningsfredingsssonene er derimot fastsett, og må vere utgangspunktet for ei regulering slik situasjonen er i dag. Fleire av innspela ønskjer større fredingssoner for å regulere dette fisket enda meir, men Statsforvaltaren vil ikkje ta stilling til fleire grenseendringar enn dei som var grunnlag for høyringa av tidsmessige årsaker.

Statsforvaltaren har vore i kontakt med Fiskeridirektoratet Ålesund, som seier det ikkje har vore problem med bifangst av anadrom laksefisk tidlegare så langt dei kjenner til, men kontrollane har



vore gjennomført ved lossing til hamn, og ikkje under utøving av fisket. Kunnskapsgrunnlaget som Runde miljøsentral arbeider med fokuserer i hovudsak på saltvassfisk. Fleire av innspela meiner fisket er ein trussel for anadrome bestandar, og ikkje minst lokale bestandar av saltvassfisk. Fiskarlag og Kampen Fisk DA m.fl. meiner derimot at det i eit økologisk perspektiv er positivt med fiske på pelagisk fisk som makrell og hestemakrell, fordi ein må anta at desse stimane konsumerer store mengder av dei stadbundne ressursane, herunder også laksefiskane sine næringsressursar. Statsforvaltar viser til at det i hovudsak er sjøaure som tek til seg næring inne i munningsfredingssonene, men at næringskonkurransen med postsmolt av laks truleg er betydeleg ute i havet. Kampen Fisk DA m.fl. meiner det kan tenkast at lakseyngel (smolt) kan være noko av føda til makrell og hestemakrell. Statsforvaltaren viser til at økosystema har komplekse samanhengar som vil variere over tid. Fiske etter tobis, brisling og sild(ungar) vil til dømes være å fiske på noko av favorittmaten til sjøaure.

Gitt situasjonen til sjøaurebestandane i fylket vektlegg Statsforvaltaren føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova, og dei nasjonale retningslinjene om at fiske med not, snurrevad og trål ikkje bør skje nærare elveutløpa enn 500m. Manglande grensefastsetting for grense elv-sjø i fylket, gjer at ytre grense for sonene blir valt. Dette fører til at sonene blir betydeleg større enn 500-meter nokre stader, men andre stader mindre.

### 1.3 Innspel som gjeld heile fylket eller regionar

#### 1.3.1 Høyringsuttalar

Forum for natur og friluftsliv Møre og Romsdal (FNF) meiner at forskrifta ikkje i tilstrekkeleg grad tek omsyn til fiske etter andre artar som t.d. torsk, sei, hyse og andre saltvassfiskar. Den nye forskrifta ivaretek i for liten grad barn og unge sine fiskeinteresser, som ofte vil ha munningsområdet som sitt nærfiskeområde, særleg der elveosen ligg nært tettstad/by. Som eit minimum, bør forskrifta tillate barn opp til og med 16 år å fiske i munningsfredingssona, uavhengig av fiskeart. FNF ber om at det blir sett på om det går an å skilje munningsfredingsområde som ligg urbant til frå dei som ligg i utmark, og om det er mogleg å sleppe til meir saltvassfiske i urbane strøk, særleg frå land.

FNF vil og vise til at fiske i sjø er ein allmenningsrett som står sterkt. Den skal ikkje overstyre naturen (les dei anadrome fiskebestandane) når den lir, men dei håper at offentlege mynde greier å vekte verdien av ålmenta sitt saltvassfiske opp mot dei eventuelle ulempene dette påfører de lokale anadrome fiskebestandane.

Terje Systad skriv at mange munningsområde er sentrumsnære område der sjøfiske etter saltvassfisk kan vere lett tilgjengeleg for mange grupper. Spesielt med tanke på barn og unge skal ha moglegheit til å kunne fiske i sitt nærmiljø utan å måtte risikere å bryt lova. Systad viser til tidlegare Sogn og Fjordane si forskrift, der kan ein pilke innfor 100 meterssona og det er ikkje fiskeforbod med stong etter marine artar i den marine munningssona. Systad vil tru at slik opning for slik fiske i munningsområde har liten negativ effekt på anadrom fisk. Skal ein komme med omfattande reglar for avgrensing av fiske i munningssona bør ein ha dokumentasjon på at det er eit problem og at regelverket vil verne om anadrom fisk. Forskrifta som er foreslått tek ikkje tilstrekkeleg omsyn til fiske etter saltvassfisk. Spesielt ikkje barn og unge sine fiskeinteresser. Dei vil ofte ha munningsområdet som sitt nærfiskeområde, og dei må forhalda seg til eit komplisert regelverk; truleg utan at det har stor effekt.



Sverre Foldal seier at det i somme fjordar, der det ikkje er utløp av elv med fisketid for sjøaure i fredingssona, vil det vere snakk om eit totalforbod mot stongfiske heile året. Korleis tek dette vare på lågterskeltilbodet til barn/ungdom, som i praksis vil verte avhengig av skyss for å kome seg til ein fiskeplass der dei lovleg kan praktisere hobbyen sin? Mange av dei berørte fjordane våre er også prega av mykje bratt terreng og dårleg tilkomst til fiskeplassar utanfor munningsfredingssona. Eit forbod mot fiske etter marine artar i munningsfredingssoner vil difor også gå sterkt ut over personar med rørslehemningar og eldre som ikkje kan klatre i urer og stå på bratte, og ofte svært glatte, svaberg under fiske. Eller meiner Statsforvaltaren at fiske først og fremst skal vere tilgjengeleg for folk med båt?

Bjørn Storhaug sender innspel angående nye fredingssoner på Sunnmøre. Han spør om kvifor dei som dorgar må lenger og lenger utover i havet for å få lov til å dorge, og kva som er spesielt med vår region kontra andre delar av Norges kyst og fjordar. Han spør om det ikkje er ein allemannsrett å kunne få 1 laks eller 2 i året utan å måtte stå i ei elv. Storhaug skriv at det ikkje er alle som har store nok båtar til å gå langt til havs. Han ønskjer å kunne ta med barn og barnebarn på fjorden for å få vise korleis ein dorgar. Dei som dorgar er ingen trussel for nokon villaksstamme, skriv han. Han meiner det ikkje blir gjort tiltak i elvane der laksen gyt og formeirar seg. Kvotene blir sett ned og kurva peikar berre nedover. Han meiner dorgarane risikerer både liv og helse på grunn av nye fredingssoner som er på gong.

Joakim Sølsnes har lang erfaring frå arbeid med å få opp sjøaurebestander i Sverige og meiner at innskjerping av fiskeregler i munningsfredingsområda ikkje er vegen å gå, men at negativ påverknad frå vasskraft, bekkelukking, utrettingar og avrenning frå jordbruk er der fokuset må rettast. Han har 6 forslag som han meiner fungerer og desse blir gjengjeve på svensk:

«Förslag som fungerar:

1. En älv, eller ett vattendrag, kan visserligen ägas av markägare, men det kan inte vara så att lokala vinstintressen hos några få, kan få lov att förhindra en arts överlevnad. Vill man sälja fiskekort så måste man även se till att de Vattendrag man förfogar över, faktiskt mår bra. Även mindre vattendrag måste skyddas och åtgärdas.
2. Totalförbud att ta upp och avliva havsöring mellan 31 oktober och 31 mars.
3. Fiskeförbud 100m från älvmyrning
4. Förbud mot fasta fångstredskap, grundare än 3m, 500m från älvmyrning.
5. Påbud till fylker att identifiera utmaningar och iverksätta tilltag för att förbättra varje lekbäck i sitt område...
6. Kraftbolag måste, förutom att sätta ut yngel i vattendragen, också ISO 14000 certifieras med naturens bästa i åtanke.  
En "grön" näring kan inte tillåtas tjäna miljonbelopp på vattendragens och djurlivets bekostnad.»

### 1.3.2 Statsforvaltaren si vurdering

Forum for natur og friluftsliv og Terje Systad meiner forskrifta ikkje i tilstrekkeleg grad tek omsyn til fiske etter saltvassfisk, og at barn og unge sine interesser ikkje er godt nok ivareteke, særleg i sentrumsnære område der munningsområdet ofte vil være nærfiskeområdet. Joakim Sølsnes meiner og innskjerping av fiskereglar ikkje er vegen å gå, men at fokus må være på negative påverknader. Ganske mange andre innspel i dei enkelte munningsområda var også opptatt av fritidsfiske etter saltvassfisk, og barn og unges interesser. Statsforvaltaren har valt å ta innspelet delvis til følgje ved å opne for at barn og unge opp til fylte 18 år kan fiske med stang frå land etter saltvassfisk i munningsfredingsområda heile året unnateke mars og april. Vi vil i tillegg tillate fiske



med handsnøre etter saltvassfisk frå is eller båt i ro i munningsfredingssona heile året. Stang blir det ikkje opna for frå båt, sidan dette er meir effektiv metode for å fiske anadrom fisk. I tillegg er det vanskeleg å kontrollere.

All form for dorging i munningsfredingssoner vart forbode i perioden 15. april – 30. september i samband med revidering av gjeldande forskrift for Møre og Romsdal i 2017, og det er soleis ikkje store endringar på dette no, unntatt ein mindre endring i tidspunkt. Slik bestandssituasjonen er det lite aktuelt å opne for dorging i munningsfredingssonene i sommarhalvåret igjen no,

Innspelet til Søsnes er teke delvis til følgje ved at det blir gjenutsettingspåbod i munningsfredingsområde for laksefisk frå 1.10-28.2, og i mars og april er sjøaure frå før freda i alle sjøområde, unnateke Smøla kommune.

## 1.4 Nordmøre

### 1.4.1 Høyringsinnspel

#### Stangvikfjorden (Søya)

Søya elveeigarlag sluttar seg til forslaget om regulering av fiske ved utløp i sjø.

#### Todalsfjorden (Toåa)

Todalen elveeigarlag er i hovudsak positive til den føreslegne revideringa av forskrifta. Dei har likevel merknader til § 5 i forskrifta. Elveeigarlaget seier dei er klar over at det blir fiska sjøaure i sjøen i vinter- og vårmånadene og at det tidvis blir teke mykje sjøaure i dette fisket. Dette er eit uregulert fiske utan bl.a. oversikt over oppfiska mengde, og vil kome i tillegg til det som blir registrert fiska i elvane. Sidan det er omsynet til sjøauren og den til dels dramatiske nedgangen i bestanden og at reglane skal ivareta og bidra til gjenoppbygging av anadrome bestandar er Todalen elveeigarlag sitt primære standpunkt at det ikkje blir opna for fiske i munningsfredingssona mellom 1. oktober og 28. februar. Alternativt går Todalen Elveeigarlag inn for §5 alt. 2 der anadrom laksefisk skal gjenutsettast.

### 1.4.2 Statsforvaltaren si vurdering

Innspelet til Todalen elveeigarlag er teke delvis til følgje, ved at det blir krav om at anadrom laksefisk skal gjenutsettast i munningsfredingssona i perioden mellom 1. oktober og 28. februar. Dette med bakgrunn i bestandssituasjonen for sjøaure.

## 1.5 Romsdal

### 1.5.1 Høyringsinnspel

Ingen innspel forutan dei som gjeld heile fylket.

## 1.6 Sunnmøre

Innspelet frå Sunnmøre er i det følgjande delt inn geografisk etter munningsfredingsområde

## 1.7 Tennfjorden (Tennfjordelva)

### 1.7.1 Høyringsinnspel



Tennfjord bygdela er sterkt i mot høyringsforslaget, og er særskilt oppteken av at det blir restriksjonar på fiske frå kaia som i over 100 år har vore samlingspunkt og identitetsskapar for bebuarar i Tennfjord. Dei meiner fiske frå kaia med stang umogleg kan han nokon innverknad på laksebestanden i Tennfjordelva. Kaia er ein sosial samlingsplass, der ein god prat blir kombinert med fiske etter makrell. Dei meiner at å regulere vekk våre identitetsskapande tradisjonar er berre trist og det heller ikkje har nokon konsekvens for laksebestanden. Området på nordsida utanfor fredingssona er ikkje egna /tilgjengeleg for fiske frå land.

Leif Inge Buseth meiner at ei forskriftsendring som inneber at munningsfredingssona i Tennfjord berre blir open for fiske når Tennfjordelva er open er eit alvorleg og inngripande tiltak for barn, unge og vaksne i Tennfjord. Alt liv i fjorden starta med fisken i fjorden, og friluftsliv og fiske er ein svært viktig del av tilbodet i området. Munningsfredingssona i Tennfjord inkluderer heile vika der dei fleste i Tennfjord bur, inkludert kaia i Tennfjorden og moloen ved småbåtlaget. Området nord for fredingssona er lite eigne for fiske frå land. Foreslått regelverk med forbod mot fiske med stong i sjøen etter saltvassfisk vil medføre redusert tilbod og livskvalitet for dei som bur i bygda. Han oppfordrar til at det framleis må være lov å fiske etter saltvassfisk med stang frå land i munningsfredingssona i Tennfjord.

Tor Inge Tennfjord meiner det går an å misforstå ei setning i høyringsbrevet som utdjupar § 3 i forskrifta. Tennfjord meiner ordet «også» burde vært brukt i staden for «samt» i setninga:

*«Dette betyr at alle andre reiskapar enn fiske med stong frå land er forbode i 100-meterssona, samt fiske frå båt»*

### 1.7.2 Statsforvaltaren si vurdering

Tennfjord bygdela og Leif Inge Buseth er opptatt av at tilgang til saltvassfiske frå kaia og moloen ved småbåtlaget blir redusert. Både kai og molo ligg utanfor sannsynleg 100-meterssona, og vil då ha fisketid etter saltvassfiske i perioden 1.10-28.2. I tillegg vil det være fisketid med stong frå land når Tennfjordelva er opa, som er 1.6-15.8 for laks. Det vil difor vere fisketid etter saltvassfisk 7,5 månad frå kaia og moloen. Innspelet er teke delvis til følge ved at barn og unge under 18 år får fiske i munningsfredingssona heile året forutan mars og april. Frå båt kan det fiskast med handsnøre heile året frå is og båt i ro i munningsfredingssona.

Vi er samd i at setninga, som Tor Inge Tennfjord viser til, hadde vore noko tydelegare med bruken av ordet «også», men setninga er uansett ikkje ein del av forskrifta, berre høyringsbrevet.

## 1.8 Ørskogvika (Ørskogelva)

### 1.8.1 Høyringsinnspel

Helene Børretzen Fjørtoft meiner det er fornuftig å opne opp for fiske utanom anadrom sesong (vinterhalvåret). Lokalt i Ørskog er det lite kjennskap til at det i det heile eksisterer ei munningsfredingssone, og mange av dei som veit om det viser lita forståing for at det er freding også om vinteren. Den har med andre ord liten effekt slik den er no. Eit eventuelt krav om tilbakesetting av anadrom fisk vil vere vanskeleg å handheve, og det krev også kunnskap hjå fiskaren. Med ei rullering av regelverket håpar ho det kan fylgje med ein informasjonspakke. Det er som nemnt lite kunnskap om både 100-metersone og munningsfredingssone lokalt (kommunen hadde i si tid planar om å lage tilrettelagte fiskeplassar på Osberget og i Småbåthamna), og her er også mange tilreisande. Skilt med kor munningsfredingssona sluttar er lite hjelp i, det trengs skilt der folk går ut av bilen for å fiske, som nemnte Osberget, Småbåthamna og også campingen.



Steinar Lunde Hofseth viser til munningsfredingssona utanfor Ørskogelva. Her stemmer ikkje forklaringstekst med grenselinjer på kartet.

«I eit sjøområde utanfor Ørskogelva, innanfor ei rett linje trekt frå Veaberget i søraust, over vestenden av Storskjeret til vestenden av fabrikkjen til Stavseng & co. I nordvest»

### 1.8.2 Statsforvaltaren si vurdering

Rapporten «Bestandsovervåking av laks og sjøørret i elver på Sunnmøre høsten 2021» (NORCE LFI-rapport 444) viser til at sjøaurebestanden i Ørskogelva framleis er i svært dårleg forfatning, og Statsforvaltaren finn det ikkje forsvarleg å opne for vinterfiske etter sjøaure i munningsfredingsområdet. Det blir difor gjenutsettingspåbod som i andre munningsfredingsområde. Forslag til skiltplassering er gode tips, som vi vil ta med oss vidare når det blir aktuelt med skilting.

Merknaden til Steinar Lunde Hofseth om manglande samsvar mellom grenselinje og kart, viser seg å gjelde nordsida av Ørskogvika, når vi har undersøkt saka nærare. Her manglar grenseskiltet, truleg som følge av byggeaktivitet i strandsona. Statsforvaltaren vil gjennomføre ei synfaring for å vurdere kva som er korrekt plassering av grensa på nordsida. På sørsida av Ørskogvika er skiltet rett plassert.

## 1.9 Stordalsvika (Stordalselva)

### 1.9.1 Høyringsinnspel

Stordal elveeigarlag meiner det ikkje gir mening å forby fiske etter alle typar fisk innanfor fredingsssonene. Dette er eit for stort inngrep i folks fiskeinteresser, og vil ikkje føre til noko særleg mindre fangst av laks og sjøaure. Opning for fiske etter laks innanfor 100-meterssona vil, derimot, truleg føre til meir fiske av laks i sjøen.

### 1.9.2 Statsforvaltaren si vurdering

I nasjonale retningslinjer for regulering av fiske i munningsfredingsområder er det anbefalt å regulere fiske etter anadrom fisk og saltvassfisk likt. Dette vil kunne gjere det lettare å overhalde reglane, og i tillegg blir det eit meir effektivt oppsyn. I Møre og Romsdal har fisketid i munningsfredingssona ein periode vore styrt av fisketid etter sjøaure. I ny nasjonal forskrift er det fisketid etter høvesvis laks og sjøaure i elva som styrer fisketid i 100-meterssona. Miljødirektoratet har bedt om at dette også blir gjort i Møre og Romsdal. Allemannsretten i sjø tilseier også at det bør vere lov å fiske laks i munningsfredingssona når det er lov i elva, medan sjøaure er freda og må gjenutsettast. Det er i tillegg viktig å harmonisere nasjonale og regional forskrift. Fisketid etter laks i munningsfredingssona vil vere frå 15.6-15.8 etter gjeldande fisketid i forskrift, medan sjøaure er freda. Fisketid for saltvassfisk med stong frå land vil blir 15.6-15.8 og 1.10-28.2, men barn og unge kan fiske alle månader utan mars og april. For båt er det fiske heile året med handsnøre etter saltvassfisk i munningsfredingssona frå båt i ro.

## 1.10 Stranda (Strandaelva)

### 1.10.1 Høyringsinnspel

Stranda kommune har ikkje innvendingar til at fleire forskrifter blir slått saman, så lenge dette ikkje fører til at ein mister viktige nyansar. Kommunen viser til at mange nyttar mogelegheitene for å fiske frå kaia utanfor Strandaelva til fritidsfiske.

Dersom grensa for slikt fiske blir endra slik det er tenkt vil dette hindre ein fritidsaktivitet som betyr svært mykje for trivselen for folk i lokalsamfunna. Dersom dette fiske hadde vore ein alvorleg





trugsmål mot bestandane kunne vi finne innskjerpinga både logisk og fornuftig, men slik innretninga er gjort i dette framlegget vert dette ei unødvendig innskjerping. Vi har inga tru på at det er dette fisket som representerer det største trugsmålet mot dei anadrome fiskebestandane i desse områda. Og når ein samstundes veit at denne fritidsaktiviteten betyr mykje og at mange ser det som ein del av allemannsretten å kunne fiske på slike stader, meiner vi at regelendringa ikkje kan forsvarast.

Kommunen har teikna inn forslag til justert sone på Stranda i innspelet sitt. I tillegg meiner vi at opplysningar om grensene bør kunngjerast eller aller helst leggjast inn digitalt i verktøy som er lett tilgjengelege for folk slik at ein ikkje gjer seg til lovbrytarar i vanvare.

Kristian Overå viser til at kaiområdet og strandlinja i Stranda sentrum er eit mykje brukt fiskeområde for barn og unge i bygda. Her kan dei ferdast relativt trygt og har nærheit til hjelp i naudsituasjonar om det skulle oppstå. Det er ikkje mange plasser langs fjorden der kombinasjonen er mogeleg å få, då dei fleste plassane innover fjorden består av bratte svaberg som ikkje alltid har enkel tilkomst. Vidare utover i fjorden er det bratte fjellsider. Mange barn her har hatt sine første fisketurar åleine på kaia, det er enkelt å komme til og enkelt å fiske. Det er med på å skape lyst og interesse for både fiske og andre aktivitetar utandørs. Det å skulle stenge dette området for fiske store deler av sommar og haust er eit eksempel på vern som ikkje er sunn fornuft, meiner Overå. I § 5 står det «For å unngå at fiskereglane blir for inngripande foreslår vi at det skal være lov å fiske med stong og handsnøre frå land, is og båt frå og med 1. oktober til og med 28. februar. Dette vil gjelde i alle munningsfredingssoner, men ikkje i 100-meterssona.» I realiteten betyr dette at området er ope for fiske i 2 månadar om sommaren.

Overå meiner at det finst andre tiltak meir effektive, omstridde og dyre tiltak, som hadde vore langt meir effektive enn å stoppe fritidsfiske frå kaia. Eg vil heller kalle dette for symbolpolitikk enn eit effektivt tiltak for å redde laksebestanden. Før ein går laus på fritidsaktivitetar til barn og unge, kunne ein heller ha fjerna konsesjonar for oppdrett av laks og aure frå fjordane, Men den største trusselen mot villaksen står urørt.

At det ikkje skal vere opent for fiske i 100-meters sona er heilt innafor, men han kan ikkje heilt sjå nødvendigheita av å skulle gjer eit so inngripande tiltak som berre vil gi eit symbolsk resultat. Eit tiltak som i all hovudsak rammer både ein sunn fritidsaktivitet og tryggleiken til barn og unge som vil ha seg ein enkel fisketur, der fangsten stort sett består av småsei, makrell og lyr.

Tor Waaler meiner at lus og rømming frå oppdrettsnæringa er årsaka til utfordringane til laks og sjøaure, og at ein må finne løysingar der problema blir skapt, ikkje med forskrifter som hindrar sunn fritidsaktivitet for innbyggjarane i Stranda og Sykkylven. Han nemner særskilt oppdrettsanlegget ved Skafjellet som ligg 1,1 km frå utløpet til Strandaelva, som er nærare enn anbefalt minstegrense på 2,5 kilometer frå viktige laksevassdrag.

### 1.10.2 Statsforvaltaren si vurdering

Merknadene tek særleg opp fritidsfiske frå kaiområdet og strandlinja i Stranda sentrum. Etter høyringsforslaget vil det vere tillate å fiske etter saltvassfisk med stong frå land i munningsfredingsområdet i perioden 15.6-31.8 og 1.10-28.2, altså 7,5 månader. Innspela er teke delvis til følgje ved at barn og unge får utvida fisketid til 10 månadar (heile året, unnateke mars og april), og handsnøre etter saltvassfisk frå båt i ro blir tillate heile året i munningsfredingssona. Når det gjeld kommunen sitt forslag om justert grense er ikkje dette tema for denne høyringa, men vil bli aktuelt å sjå på i samband med framtidig fastsetting av grense elv-sjø.



Kristian Overå og Tor Waaler meiner at lus og rømming frå oppdrettsnæring er årsaka til problema for laks og sjøaure, og at løysingar på dette burde vore prioritert. Det er korrekt at dette er vurdert til å være dei største negative påverknadene i fylket (jf. Lakseregisteret), og kommune, sektormyndigheiter, næring og politisk nivå må finne løysingar på dette. Samstundes krev naturmangfaldlova at det er haustbart overskot for å opne for fiske etter anadrom laksefisk. Dette er ikkje tilfelle for mange sjøaurebestandar i fylket, og heller ikkje i Strandaelva som er vurdert til å ha dårleg bestandstilstand, jf. Lakseregisteret.

## 1.11 Hellesyltvika (Korsbrekkeelva og Langedalselva)

### 1.11.1 Høyringsinnspel

Stranda kommune viser til at mange nyttar mogelegheitene for å fiske frå kaiene utanfor Korsbrekkeelva til fritidsfiske. Det er i tillegg mange som nyttar sjøkanten frå Korsbrekke til Åseneset og frå Salhusberget ved Badehuset til Seiura til stongfiske frå land. Dei som nyttar denne moglegheita er ungdom som ikkje eig båt sjølve, utanlandske arbeidstakarar frå bedriftene på Hellesylt eller andre som av ulike grunnar må bruke nærområdet til slike fritidsaktivitetar.

Dersom grensa for slikt fiske blir endra slik det er tenkt vil dette hindre ein fritidsaktivitet som betyr svært mykje for trivselen for folk i lokalsamfunnet. Dersom dette fiske hadde vore ein alvorleg trugsmål mot bestandane kunne vi finne innskjerpinga både logisk og fornuftig, men slik innretninga er gjort i dette framlegget vert dette ei unødvendig innskjerping. Vi har inga tru på at det er dette fisket som representerer det største trugsmålet mot dei anadrome fiskebestandane i desse områda. Og når ein samstundes veit at denne fritidsaktiviteten betyr mykje og at mange ser det som ein del av allemannsretten å kunne fiske på slike stader, meiner vi at regelendringa ikkje kan forsvareast.

Kommunen har teikna inn forslag til justerte sone på Hellesylt i innspelet sitt. På Hellesylt ønskjer dei at folk skal kunne fiske frå kaia og likeeins frå piren til småbåthamna. I tillegg meiner vi at opplysningar om grensene bør kunngjerast eller aller helst leggast inn digitalt i verktøy som er lett tilgjengelege for folk slik at ein ikkje gjer seg til lovbrutarar i vanvare.

Per Ingebrigt Kårbø meiner høyringsforslaget vil avgrense fiske i heile Hellesyltbukta delar av året. På Hellesylt er det bratte bergvegger ned mot fjorden. Det er difor ikkje mogeleg å gå frå sentrum forbi fredingssona. I praksis blir det difor ulovleg å fiske med stang på Hellesylt delar av året. Fiske frå fergekaia og andre delar av sentrumsområdet er viktig for mange, og Kårbø har sjølv fiska her i oppveksten sin saman med andre. Turistane har også ofte med seg fiskestong, og synes det er artig å fiske sei. Ei tredje gruppe er våre nye landsmenn frå Aust-Europa. Dei er lite med på andre fritidstilbod, og koser seg med fiske frå kaia i helgane.

Kårbø meiner det er viktig at vi held på allemannsretten og den hevda retta til fiske i sentrumsområdet. Det er unntak at nokon tek laks eller sjøaure frå kaia. Han meiner fisket neppe har innverknad på bestanden av sjøaure og laks. Han vil difor foreslå at ein gjer om §5 i forskrifta, og gir unntak for småskala fritidsfiske etter saltvassfisk med stang og snøre heile året.

Alternativt gjer han framlegg om eit eige unntak for Hellesylt fordi det ikkje er mogeleg å kome frå sentrumsområdet langs land forbi fiskefredingssona. Dette kan formulerast; På Hellesylt er fiske med stang og snøre tillate heile året frå Ragnhildholmen nedafor Hellesylt bru ved utløpet av Langedalselva til Notanaustet nord for badestranda.





### 1.11.2 Statsforvaltaren si vurdering

Merknadane tek opp fritidsfiske etter saltvassfisk frå kaiene på Hellesylt som er populært. Korsbrekkeelva har ein laksebestand i svært god tilstand og elva har difor 3 månadar fisketid for laks, medan sjøaure er freda. Høyringsforslaget medfører då at det er 8 månadar fisketid etter saltvassfisk frå land i munningsfredingssona i Hellesylt (100-meterssone har tre månader). Innspela er teke delvis til følgje ved at barn og unge under 18 år får fiske etter saltvassfisk med stong frå land i munningsfredingssona heile året unnateke mars og april. Fiske med handsnøre etter saltvassfisk i munningsfredingssona frå båt i ro, blir tillate heile året. Når det gjeld grenseforslaget frå Stranda kommune bør grense elv-sjø fastsettast først, og vi håpar å kome tilbake til dette snart.

## 1.12 Valldal (Valldøla)

### 1.12.1 Høyringsinnspel

Valldal elveeigarlag meiner det bør vere eit enkelt og klart fiskeforbod i munningssona. Problemet er at enkelte står på sjøside i osen og kastar over elva. Sjøauren er no nesten vekke i Valldøla og det kan vere viktig at den får fred i munningssona. Sjøauren er freda og skal settast ut att. Det vart i år rapportert 3 sjøaure på fang-og-slipp i Valldøla. Dette er nok ikkje alt, og enkelte ser ikkje forskjell på laks og sjøaure. I tillegg går det sikkert opp ein del sjøaure i løpet av hausten. Då elva vart rotenonbehandla i 1990 var det registrert 6 tonn sjøaure, og det var på langt nær alt.

### 1.12.2 Statsforvaltaren si vurdering

Sjøaure er freda i Valldøla, og etter høyringsperioden er det gjenutsettingspåbod i perioden det er ope for fiske i 100-meterssone etter laks og saltvassfisk (15.6-15.8), og i munningsfredingssona (15.6-15.8 + 1.10-28.2). Dette betyr at det er fiskeforbod med stong i sonene i perioden 15.8-1.10, som vil gje ro for sjøaure før gyteperioden. Vi meiner den nye forskrifta tek rimeleg omsyn til anadrom fisk og allemannsretten til fiske i sjø.

## 1.13 Vartdalsstranda (Storelva og Nordre Vartdalselva, Barstadvikelva)

### 1.13.1 Høyringsinnspel

Ørsta kommune (formannskap) støttar å samle fleire regionale forskrifter i ei, og at elvane langs Vartdalsstranda blir omfatta av forskrifta. Ørsta formannskap finn likevel at forslaget frå Statsforvaltaren knytt til dei utvida munningsfredingssonene, både langs Vartdalsstranda og øvrige vassdrag i Ørsta kommune, er for omfattande, og vil ha uheldige konsekvensar for hobbyfiske og friluftsliv. Forskrifta vil gjere det uråd å fiske frå land store deler av året på Vartdal, Nordre Vartdal og i Barstadvika. Formannskapet deler Statsforvaltaren si bekymring for bestandane av anadrome laksefisk, og er positive til tiltak som vil vere til hjelp for å bevare laksefisken. Men dei ser ikkje korleis forbod mot alt anna fiske i soner på fleire hundre meter frå elvemunningane bidreg til dette. Ørsta formannskap bed difor om at forskrifta skal tillate fiske frå land og i båt utanfor 100-meterssone med handsnøre og sluk. Alternativt bed dei om at munningsfredingssonene utover som er føreslått i forskrifta blir nedskalerte.

Ørsta kommune, administrasjonen, meiner det er positivt å samle fleire regionale forskrifter om fiske i ei. Forskrifta synes oversiktleg, men kan i § 5 også ta med heile perioden for freding av sjøaure fram til 30. april. Dei støttar vurderinga av behovet for etablering av soner med munningsfreding utanfor elvane langs Vartdalsstranda. Då bestandssituasjonen synes dramatisk for sjøauren, rår vi til bruk av alternativ 2 i § 5b. Dette er område det vert fiska ein del med stong frå land, blant anna frå brygger og moloar. Men eit krav om gjenutsetting av eventuell anadrom laksefisk synes



naudsynt. Til § 9 om fiskeforbod utanfor kraftverksutløp vil vi merke at Tussa kraftstasjon no ligg i Volda kommune.

Vartdal elveeigarlag si erfaring er at fiske frå land i utvida fredingssone ikkje beskattar laksen i nokon grad, og dei kjenner knapt nokon som har fått laks frå land i sitt område. Fisket frå land er også ein rekrutteringsarena for barn og ungdom, og elveeigarlaget ber om at det blir teke med i vurderinga.

Rudolf Johann Løseth meiner dei føreslegne fredingssone på Vartdalsstranda medfører uforholdsmessig stor inngripen med tanke på kva ein oppnår av beskyttelse mot overbeskatning av laksefisk. Tre bygdesamfunn blir utsett for total overkøyring av allemannsretten sin, og bli avskore frå å kunne hente seg ein kokfisk på kaiene og moloane.

Løseth bruker å dorge utanfor dagens 100-meterssone og har i perioden 2018-2021 fått 9 smålaks og 1 laks innanfor dei føreslegne sonene. Alt anna av anadrom laksefisk er tatt utanfor og til dels langt utanfor dei føreslegne sonene spreitt utover heile fjordsystemet/Storfjorden/Breisundet etc. Så vidt han kjenner til er det ikkje andre som har dorga etter laks innanfor føreslegne soner i same tidsrom. Andre dorgarar har brukt djupvassdorg og større båtar og har vore lenger ut i fjorden. Han meiner det er uakseptabelt å ta frå han livskvalitet m.m. ved å utvide sonene på Vartdalsstranda for å spare 10-12 laks i ein 4-årsperiode. Han kan godta at sona blir utvide frå 100 meter til 200 meter, men ikkje meir enn det. Noko anna blir umogleg å etterleve på ein fornuftig måte.

Løseth meiner hovudproblema i Vartdalselvene og Barstadvikelva er predasjon frå oter, og at ein må få kontroll på bestandsutviklinga ved å få elveeigarane til å søke særskilt fellingsløyve.

#### Knut Alnes

Kartet som følger forslaget viser at alt sommarfiske i nærområdet rundt Nordre Vartdal hamn blir forbode i store deler av året. Også stongfiske frå kaia og moloen blir forbode. Etter Alnes sitt syn er ikkje dette bra for fritidstilbodet og miljøet i bygda. Både kai og molo er ofte brukt av sportsfiskarar som ikkje har eigen båt. Området er også mykje brukt av dei som vil sikre seg litt ferskfisk som småsei og makrell. Han har sjølv fiska mykje i området og det er svært sjeldan å få laksefisk på anna enn garn og laksedorg. For at tiltaket skal bli akseptert og ha støtte vil eg foreslå at stongfiske frå molo og kai blir lovleg. Han vil også foreslå at fredingstidsrommet for sjøfiske blir fjerna eller vesentleg redusert og tilpassa den tida det er lokal laksefisk i området (juli).

### **1.13.2 Statsforvaltaren si vurdering**

Vartdalsstranda og Barstadvika har tre elver som alle er stengt, sidan det ikkje er haustbart overskot av laks eller sjøaure i nokon av elvene. Det er då heller ikkje høve til å opne for fiske etter anadrom fisk ifølge haustingsprinsippet i naturmangfaldlova. Alle tre elvene har berre 100-meterssone utanfor utløpet i dag, og vi har vurdert at det er behov for utvida munningsfredingssone sjølv om det ikkje er utprega elvemunningar/sund utanfor elvane. Det har og vore spelt inn ønske om dette frå lokalt hald i fleire år. Høyringsforslaget medfører at det ikkje blir tillate å fiske med stong eller dorge i sommarhalvåret i fredingssone utanfor dei tre stengte elvane, noko fleire av merknadane tek opp. Det blir brukt store ressursar på genbanktiltak og restaurerings- og habitattiltak for å berge bestandane i Barstadvikelva og Storelva, og vi meiner dette rettferdiggjir ekstra strenge tiltak i dette området. Innspela blir teke delvis til følgje ved at vi vil tillate barn og unge under 18 år å fiske med stang frå land etter saltvassfisk i munningsfredingssone heile året, unnateke mars og april. Det blir og tillate å fiske med handsnøre frå båt i ro etter saltvassfisk i munningsfredingssone heile året. Vi støttar også administrasjonen i kommunen sitt ønske om gjenutsettingspåbod av sjøaure om



vinteren. Utstrekning av dei nye sonene kan diskuterast. Vi har valt å halde på sonene frå høyringsforslaget, og vurdere eventuelle endringar i samband med fastsetting av grense elv-sjø.

## 1.14 Ørstafjorden (Ørstaelva) og Sæbøvika (Bondalselva)

### 1.14.1 Høyringsinnspel

Ørsta formannskap meiner forslaget frå Statsforvaltaren knytt til munningsfredingssonene, er for omfattande, og vil ha uheldige konsekvensar for hobbyfiske og friluftsliv. Forskrifta vil gjere det uråd å fiske frå land store deler av året i heile Sæbø-bukta og heile Ørsta sentrum.

Torstein Gjerde skriv at gjeldande kart for munningsfredingsområdet for Ørstaelva ikkje er korrekt.

Punktet på sørsida av fjorden er på gjeldande kart dratt for langt inn. Posisjon og namngjeving er korrekt, men kartet stemmer ikkje.

Sæbø damskipsekspedisjon har varierte aktivitetar i kommunehuset ved kaikanten på Sæbø, frå jazzkonsertar til fiskefestival. Dei meiner forslaget vil gjere det uråd å gjennomføre tiltak som stiftinga arbeidar for, og i tillegg vil det påverke lokale fisketradisjonar.

Sæbø Dampskipsekspedisjon har tidlegare år arrangert Hjørundfjord fiskefestival, og har som mål at det skal bli etablert som ei årleg hending. Dette er ein festival for både born og vaksne. I barnefiskekonkurransa fisker borna i all hovudsak frå kaia på Sæbø. Det var over 50 born som deltok førre gong det vart arrangert, og det var stor suksess. Fleire landa sin første fisk den helga. I vaksenklassa vert heile fjorden nytta. Dette er ei artsfiskekonkurranse der deltakarane prøver å få flest mogleg ulike artar innanfor ei tidsramme. Over 20 ulike artar vart landa, ingen laks eller sjøaure. Denne festivalen fungerer best tidleg på hausten i månadsskiftet august/september. Då er folk ferdig med ferie, det er varmt i veret og det er mykje fisk i sjøen. Midtsommars har vi problem med å arrangere slike tiltak fordi det er dugnadsbasert og mange er på ferie. Stiftinga har også planar om å arrangere lågterskel fiskekurs for born og unge som vil prøve ut og lære gleda av å fiske i sjøen. Om fredingstidene er slik me les det i forslaget (mars-oktober, unntatt laksesesongen) vert denne moglegheita innskrenka og vanskeleg.

Det er sterk interesse og kultur for sjøfiske i Sæbøvika både frå båt og frå land. Og det er mange som har sjøfiske som ein viktig fritidsaktivitet. Størst aktivitet er det frå slutten av mai til oktober. Det er denne perioden det er størst innsig av makrell og sei, men også andre artar som lysing, lyr, bleike og torsk. Fjordfiske er ein kulturarv. Skal borna bli glade i og meistre denne aktiviteten må ein lære det i tidleg alder, og ein må få prøve å lære gjennom praktisk erfaring. For mange, både vaksne og born, er lågterskel fiske i nærområdet viktig for kvardagen og livskvaliteten. Det er ein positiv aktivitet med lang tradisjon som alle kan vere med på. Her går fiskeplassane (meda) i arv frå generasjon til generasjon, born lærer kunnskap og dugleik saman med vaksne og fører arven vidare. Om ein skal frede Sæbøvika for alt fiske utanom opningstida til elva frå mars til oktober, er me redde denne lokalkunnskapen og fisketradisjonen går tapt.

Dei geografiske tilhøva i Hjørundfjorden gjer at fredingsforslaget vil ramme fritidsfiske hardt. Frå Hustadneset til Sæbøneset er det lett tilkomst til sjø. Det går bilveg frå nes til nes og ein får enkel og trygg tilkomst til fiskeplassar frå land. Innanfor Hustadneset og utanfor Sæbøneset kjem ein fort til bratte sva, urer, hamrar og gjel. Der er altså ikkje råd å komme til på trygt vis for born, og for rørslehemma er det umogleg. Ein er med andre ord i stor grad



avhengig av båt for å kunne fiske utanfor munningsfredingssona, men her er også utfordringar. Ein ting er at fjordbotnen stuper ned mot 400 meter så snart ein kjem utanfor den rette linja mellom Hustadneset og Sæbøneset, det er vanskelege fiskeforhold, og det er best fiske rett innanfor nesa. Ein annan ting er vind og bølgetilhøva. Utrøna (solgangsbrisen) er særleg sterk sommarstid i Hjørundfjorden. På varme sommarsdagar er det sterk vind og høge bølger midtfjords, og ofte er det berre inne i vika og fjordbotnane det er stille og trygge tilhøve å ferdast med småbåtar.

Etter vintrar med lite snø, kan vasstanden i Bondselva bli låg om sommaren og elva stenger tidleg. I slike tilfelle vil munningssonefredinga vere enda meir inngripande enn det allereie er.

Sæbøvika er brei, og det gjer at det er eit stort areal som vert omfatta av munningsfredingssona. Ei brei vik gjer det også mindre sannsynleg at ein skal få anadrome fiskeslag som bifangst når ein fiskar med stang eller vegn. Det er så sjeldan at ein får laks som bifangst i Sæbøvika frå båt eller land at ein knapt kan finne dokumentasjon på det. Me trur derfor at eit generelt forbod mot fiske i munningsfredingssona innanfor linja mellom Hustadneset og Sæbøneset vil ha særst liten eller ingen effekt på bevaring av dei anadrome fiskeartane, men det vil ha stor og omfattande konsekvens for fritids- og rekreasjonsfiske på alle dei andre saltvassfiskane som har ein lang og sterk tradisjon for folket som bur her.

Jørund Aklestad (9 år) brukar å fiske innanfor grensa for fredingssona mellom Sæbøneset og Hustadneset saman med vener. Med vanleg krok får dei berre sei, makrell, torsk og lyr. Han ønskjer at det framleis skal være lov å fiske etter saltvassfisk frå land om sommaren fordi det er mykje fisk å få, og han kan heller ikkje køyre båt.

#### 1.14.2 Statsforvaltaren si vurdering

Etter høyringsforslaget er det lov å fiske etter saltvassfisk og anadrom laksefisk når elva er open. Bondselva har fisketid etter laks frå 15.6-15.8 og det er difor lov å fiske i 100-meterssone og munningsfredingssone frå land 2 månadar om sommaren. For Ørstaelva er fisketida etter laks 15.6-31.7. Forskrifta bestemmer fisketida i munningsfredingsområdet, ikkje lokale vedtak om tidleg stenging av elva. I tillegg er det lov å fiske etter saltvassfisk 5 månadar frå 1.10-28.2.

Innspela er teke delvis til følge ved at barn og ungdom under 18 år får lov å fiske frå land etter saltvassfisk i munningsfredingssona heile året, unntatt mars og april, og fiske med handsnøre etter saltvassfisk frå båt i ro i munningsfredingssona blir tillate heile året. Bestandstilstand for sjøaure er vurdert til svært dårleg i Bondselva og dårleg i Ørstaelva. Det er difor viktig å unngå bifangst. Kartet for Ørstaelva, som Torstein Gjerde referer til, vart retta opp i 2021. Ved ein feil vart dessverre det gamle kartet brukt på nytt på høyringssida til Statsforvaltaren. Dette vart retta opp på høyringssida då innspelet kom.

### 1.15 Storfjorden, Bjørke (Vikelva/Skjåstaddalsvassdraget og Tusseelva)

#### 1.15.1 Høyringsinnspel

Skjåstaddalsvassdraget elveeigarlag meiner at laksebestanden i Vikelva ikkje har hatt minkande bestand sidan gjeldande forskrift vart vedteke. Det er difor ikkje grunnlag for å endre på tidene eller sona slik dei ser det. Ei endring av varigheit vil berre gå ut over fritidsfiske av andre artar for alle som bor i området. Om noko skal endrast meiner dei det må vere å utøve fleire og betre kontrollar av eksisterande fredingssone. I tillegg bør fredingssona stengast for lysfiske og yrkesfiske i alle former.



### 1.15.2 Statsforvaltaren si vurdering

Laksebestanden i Vikelva på Bjørke er vurdert til å være i svært god tilstand, medan sjøaurebestanden er vurdert til dårleg, og svært dårleg i Tusseelva (kjelde: Lakseregisteret). Argumenta for å stramme inn fiskereglane er difor knytt til sjøaure og haustingsprinsippet i naturmangfaldlova, som seier at det ikkje kan opnast for fiske når det ikkje er haustbart overskot. Innspelet er likevel teke delvis til følgje ved at barn og ungdom under 18 år får lov å fiske frå land etter saltvassfisk i munningsfredingssona heile året, unntatt mars og april, og fiske med handsnøre etter saltvassfisk frå båt i ro i munningsfredingssona blir tillate heile året.

## 1.16 Syvdefjorden (Oselva og Norddalselva)

### 1.16.1 Høyringsinnspel

John Breivik m.fl. Innspelet (notat) er signert fleire personar frå Syvdefjorden, inkludert Vik elveeigarlag. Dei meiner fredingstiltaka blir for omfattande, og ber om at noverande restriksjonar vert ståande, då det for Syvdefjorden allereie er ei 900 meter fredingszone utover fjorden frå elveosane. Dei ønskjer ikkje at dorging skal vere tillate i sommarhalvåret og at anna reiskap som garn, ruser og teiner skal vere nedsenka minst 3 meter under havoverflata. Det skal være tillate med fiske med stang og pilk frå båt og land, unnateke eit fredingsområde på 100 meter frå elvemunning. Dei ønskjer forbod mot notfiske.

Vanylven kommune ved kommunestyret støttar uttale/notat frå lokalbefolkninga i Syvde (John Breivik m.fl.)

Myklebust elveeigarlag og Notaplassen hamnelag meiner at dagens forskrift ikkje bør endrast. Dagens fredingstid og forbod mot garnfiske innanfor munningsfredingssona frå 15. april til 30. september vernar allereie laks- og sjøaurebestanden i tilstrekkeleg grad.

I forslaget er det foreslått å berre tillate fiske med stong og handsnøre frå land, is og båt, inkludert dorging, frå og med 1.oktober til 28 februar. Dette forslaget vil hindre alt fritidsfiske med passive reiskapar som garn og liknande. Med andre ord vil det ikkje lenger bli mogleg å drive torske- og sildefiske i Syvdefjorden då dette i all hovudsak skjer ved garnfiske innanfor munningsfredingsområdet. Til dette vil Notaplassen hamnelag og Myklebust Elveeigarlag påpeike at sjansen for å få laks og sjøaure som bifangst i garn vinterhalvåret nærmast er lik null. Årsaka er at laks og sjøauren vanlegvis ikkje kjem inn til Syvdefjorden før i mai månad. Fredingsforslaget framstår difor lite treffande for å oppfylle forskrifta sitt føremål, nemleg å verne anadrome laksefisk.

Forslaget til ny forskrift vil derimot medføre negative konsekvensar for innbyggjarane i Syvde, og då særleg eldre menneske. Årsaka er at det nettopp er denne aldersgruppa som nyttar Syvdefjorden mest aktivt til fritidsfiske i vinterhalvåret kor torskefiske med garn er ein svært populær aktivitet. Dagens moglegheit til torskefiske i Syvdefjorden bidreg slik sett til å skape arenaer kor innbyggjarane held seg aktive og møtast til uformelt sosial samvær på fjorden, i båtnaust og i felles båthamner.

I staden for å innføre ei ny og strengare forskrift bør Statsforvaltaren auke fokuset på informasjon til brukarane av Syvdefjorden og andre fjordar i Møre og Romsdal. Dersom dette blir kombinert med auka handheving av gjeldande forskrift vil dette føre til eit tilstrekkeleg sterkt vern for lakse- og sjøaurebestanden.

Elias Øvregård viser til at Norddalselva i Syvde er med i høyringa. Han meiner at det viktigaste tiltaket for Norddalselva er å følgje opp revisjonssaka som er relatert til konsesjonsaka for



Åmelavasdraget, og at tiltaka som er foreslått gjennom forskriftshøyringa har ingen effekt slik bestandsituasjonen er for laks og sjøaure i vassdrag som følgje av reguleringa.

### 1.16.2 Statsforvaltaren si vurdering

Innspela meiner at høyringsforslaget går utover fritidsfiske for innbyggjarane, mellom anna torskefiske med garn i vinterhalvåret. Det er to elver i munningsfredingsområdet. Oselva har fisketid 15.6-31.7 og Norddalselva er stengt for fiske. I gjeldande forskrift har det vore lov med garn som er senka ned minst 30 meter og i avstand på 500 meter frå elvemunning. Statsforvaltar har fått meldingar som kan tyde på at garnfisket i Syvdefjorden ikkje alltid har vore i samsvar med gjeldande forskrift, og meiner at høyringsforslaget om forbod mot garnfiske i munningsfredingssona kan være på sin plass. Påstanden om at det ikkje kjem laks og sjøaure inn til Syvdefjorden før i mai månad, stemmer nok for laks, men sjøaure vil som regel opphalde seg i munningsfredingsområda i løpet av vinteren. Innspela elles blir delvis teke til følgje ved at det blir forbod mot notfiske som foreslått i høyringa. Det blir og tillate med teiner som er senka ned minst 5 meter i munningsfredingsområdet, og handsnøre etter saltvassfisk blir tillate heile året frå båt i ro.

Når det gjeld innspelet til Elias Øvregård om revisjonssak, så har Statsforvaltar gitt innspel til høyring av nye konsesjonsvilkår for Åmelavasdraget (inkludert Norddalselva).

## 1.17 Dalsfjorden (Steinsvikelva og Åmela)

### 1.17.1 Høyringsinnspel

Volda kommune deler bekymringa for bestandane av anadrome laksefisk, og er samd i at det bør settast i verk tiltak for å bevare desse. Samstundes vil dei peike på at fiske er ein viktig årsak til at mange turistar kjem til fjordane våre. Dei er uroa for at fleire av dei som driv småskala reiselivsverksemd der fiske er eit av hovudkonseptane, vil slite med å trekke til seg nok turistar om dette blir vedteke. Dei vil difor oppmode om at forbodet ikkje vil gjelde for fiske med handsnøre frå båt, is og land (inkl. dorging). Dette unntaket bør i tillegg gjelde for heile året, på same måte som det er unntak for fiske med stong frå land. Kommunen vil også oppmode om at forbodet mot botngarn til tradisjonelt vinterfiske ikkje blir teke inn i ny forskrift. Det verkar uforholdsmessig i høve til det forskrifta skal verne mot å forby botngarn av ein viss maskestørrelse ved tradisjonelt vinterfiske etter typiske saltvassfiskar. Avslutningsvis viser dei til høyrings svar frå Indre Dalsfjord grendalag, og stiller seg bak dette høyringssvaret.

Indre Dalsfjord grendalag ønskjer å utvide munningsfredingssona i Dalsfjorden, sidan det er foreslått forbod mot yrkesfiske med lys og not. Grendalaget meiner at sona skal gå frå Åneset, nord for 100 meter-sona av utløpet til Åmela kraftstasjon. Derifrå rett over fjorden til det inste Illurneset (der fonnvernet er bygd).

Dei beste fiskeplassane i Indre Dalsfjord finn ein innanfor fredingssonene. Dette er dei stadane folket som lever langs fjorden har fiska med garn etter hyse, lyr, torsk og sei i alle år. Botngarna vert sett på djupne 15-70 meter med maskestørleik 57-90mm bjelkar.

Når det gjeld fiske innanfor munningsfredingssona har grendalaget eit klart krav om at dei kan fortsette å fiske med botngarn i tidsrommet 1. oktober til 30. april. I tillegg må det vere lov å fiske med handsnøre og sluk utanfor elvemunningssona (100-meterssona). Dette fisket er eit gode som folket langs fjorden har hatt nytte og glede av i fleire hundre år, og dei kan ikkje godta å miste dette.

Grendalaget meiner å ha observert under lysfiske at fleire laksar hoppa inne i lyset utanfor elveosen til Åmela. Dei meiner laksen ikkje hadde store sjansar til å kome unna då nota på 500-600 meter vart



sett rundt lysbåten. Nota var så djup at den rakk til botnen. Grendalaget meiner at meire regulering i sjøen er heller nyttelaust. Skal ein berge laks /aurestammene må ein gå til strengare regulering av elvane.

Etter at kravet til nedsenking av garna kom vart det for grunt på dei gode garnplassane i Indre Dalsfjord. Fiske etter sild vert såleis uråd. Fisket har tidlegare gått føre seg i september / oktober, ein har nytta nylonggarn med maskestorleik 26-28mm bjelkar. Sildefiske er ikkje til trussel for laksestammene. Om det ikkje vert forbod om lys- og ringnotfiske inne i fredingssona vil dei heller ha sona slik den er i dag. Det vil seie, frå utløpet av elva Åmela og til Litlebøfonna. Eventuelt ynskjer dei at heile munningsfredingssona vert fjerna utanfor 100-metersona, frå grense elv-sjø. Om det ikkje vert forbod mot lys og ringnotfiske er det heller ikkje grunn for ei fredingssone, då denne har liten verdi for å berge laksen. Grendalaget skriv at fisking har vore livberging for mange før tida, og kjekk hobby og matauk for mange no. At yrkesfiskarane kan kome med lova i hand og setje nota i fjøra innerst i fjorden er ikkje greitt, meiner grendalaget.

Sindre Olav Kvangarsnes skriv at det har vorte mykje bråk om tolking av regelverk i fredingssonene etter at lysfiske igjen vart tillate. Slik regelverket har vore så har det faktisk vore tillate med snurpenot inne i sonene. Dette har spesielt gått føre seg i Austefjorden og Dalsfjorden i Volda. Det er ikkje tvil i at dette fiskeriet er ein stor trussel og risiko for anadrom laksefisk då dette fiskeriet går føre seg på hausten når anadrom laksefisk går i sonene i påvente av å gå opp i elvane. Då må man faktisk angripe problemet med utøving av dette fiskeriet og ikkje blande inn fiskeri som ikkje er ein trussel mot anadrom laksefisk. Fiske frå båt med handsnøre, samt tradisjonelt vinterfiske etter typiske saltvassfiskar utgjør ingen trussel mot anadrom laksefisk. Han vil spesielt peike på sona i Indre Dalsfjord. Skal den ha meining må sona utvidast til å gjelde 300 meter utom utløpet til Åmela kraftverk og rett over fjorden. Han er stasjonsmeister på Åmela kraftverk og ser godt at det samlar seg store mengder anadrom laksefisk utanfor utløpet til kraftverket. Det er faktisk mykje meir anadrom fisk rundt dette utløpet enn både Steinsvikelva og gamle Åmela. Det er ikkje tvil om at snurpenot i dette området utgjør ein stor trussel mot desse bestandane.

Det har heilt sidan byrjinga av 1990 talet vore munningsfredingssone utanfor Steinsvikelva og Åmela. Då sona vart innført skapte det sterke reaksjonar blant bygdefolket, seier han. Etter litt justering av regelverket har bygdefolket levd godt med dei gjeldande reglane i sona. Det som har skapt sterke reaksjonar er forskjellsbehandlinga som har vore i forhold til utøving av yrkesfiske og fritidsfiske. Det er uforholdsmessig i forhold til det forskrifta skal verne imot å forby botngarn av ein viss maskestørrelse for utøving av tradisjonelt vinterfiske etter typiske saltvassfiskar som torsk, lyr, hyse, sei osv., meiner Kvangarsnes. Det er derfor viktig at gjeldande reglar vert vidareført i den nye forskrifta. Det er også uforholdsmessig og forby handsnøre frå båt i sona, og gjeldande reglar må vidareførast.

Steinsvik Fjordfiske og Steinsvik Fjordhytter er to reiselivsbedrifter som i over 20 år har drive turisme utifrå konseptet fisketurisme. Slik forslaget er utforma vil det bety kroken på døra for å drive vidare innanfor dette konseptet, meiner dei. Dalsfjorden er ein fiskerik fjord. Fisken endar ofte i enden på fjorden, og hamner inne i sonene for vern av anadrom laksefisk. Det vil vere umogleg å etterleve eit forbod mot handsnøre frå båt slik den nye forskrifta legger opp til. Forslaget gir heller ikkje meining då fiske med handsnøre frå båt ikkje er eit trugsmål mot anadrom laksefisk. Dei meiner at dagens regelverk fungerer etter hensikta. Dei har ikkje observert fangst av verken laks eller aure frå båt gjennom alle desse åra vi har drive med fisketurisme. Dei meiner det er heilt avgjerande for deira verksemd at dagens regelverk andsynes fiske frå båt vert vidareført slik det er i dag.





### 1.17.2 Statsforvaltaren si vurdering

Dei fleste innspela gjeld yrkesfiske med lys og not. Desse er omtala i kap. 2.2. Fleire av innspela er også opptatt av det skal være lov med handsnøre etter saltvassfisk frå båt, sidan dette ikkje er ein trugsmål mot anadrom laksefisk. Fiske frå land er og nemnt. Fiske med botngarn etter saltvassfisk i vinterhalvåret på 15-70 m djup er eit krav frå grendalaget. Innspela er teke delvis til følgje ved at det blir lov å fiske med handsnøre frå båt i ro etter saltvassfisk heile året i munningsfredingssona. Barn og unge under 18 år får fiske med stong frå land etter saltvassfisk heile året utanom mars og april. Vi har og valt å tillate fiske med botngarn etter saltvassfisk i indre Dalsfjord på større djup enn 15 m, sidan fisket slik det er skildra ikkje vil gå utover anadrom fisk. Det er og eit kompromiss sidan vi stadfestar at sona skal gå utanfor Åmela, innanfor ei rett linje trekt frå Brandeneset i søraust til Hatleneset i nordvest.

## 1.18 Austefjorden (Fyrdselva)

### 1.18.1 Høyringsinnspel

Austefjord grendalag meiner yrkesfiske med lys og not ikkje burde være lov innanfor munningsfredingssona. Dei meiner nøtene øydelegg fjordbotnen utanfor Fyrdselva der elva er grunn, og skriv at dei har bilete av dette. Ho lurar på dette fisket er innanfor regelverket. Båtane fører også til mykje støy og lys som er utfordrande for både barn og vaksne som bur nær fjorden.

### Grendalag i Volda (Austefjord grendalag og Indre Dalsfjord grendalag)

Grendalaga meiner at dei anadrome fiskeartane i fjordane ikkje overlever utan samspelet med kvardagsmaten – sildesortane – og dei andre lokale fiskestammene – alt heng saman.

Dei ønskjer at ein gjer om overskrifta på forskrifta til: Forskrift om fiske i fjordar og grunne område for forvaltning til berekraftige lokale fiskebestandar i Møre og Romsdal

Utan at Statsforvaltaren og Fiskeridirektøren samarbeider om forvaltning av fiskeressursane i fjordar og grunne område slik at ein unngår lysfiske og bruk av not som går på botn – har dette arbeidet og denne høyringa inga meining – lokale fiskebestandar blir utfiska utan kontroll. Grendalaga ønskjer difor samhandling med Fiskeridirektøren om felles forvaltning, regulering, utøving, kontroll – for alt fiske frå kystlinja til så lang opp i elvane som anadrome fiskeartar går.

Dei meiner 100-meterssona må starte ved lågaste lågvatn i elvemunninga, sidan flo sjø gjev lita meining i langgrunne elveutløp, og brukar Austefjordvassdraget/Mørevassdraget/Fyrdselva/Sunddalselva som døme, der flo sjø går til Fyrde bru og fjøre sjø har 7 meter breitt utløp vest av Grasneset/Grusneset innanfor Fyrde kai, Brukar ein flo sjø Fyrde bru - har ein ca. 650 meter – rett linje - att til saltvatn ved fjøre sjø.

Grendalaga ønskjer nye ytre grenselinjer for munningsfredingssonene i Volda kommune og referer til korrespondanse med fiskeridirektoratet, For Austefjorden og Kilsfjorden ønskjer dei ei grenselinje frå Furnes-Mek – då får ein med utløpa på fleire elvar og lokal overleving på kvardagsmaten til lokal botnafisk – den lokale silda. Dei tidlegare fjordlinjene her var for Austefjorden Skorneset-Årsetstokken, for Kilsfjorden Goteneset- Årvikneset, trur dei. Men dette utelet Høydalselva med anadrome fiskeartar, seier grendalaga. For Bjørke ønskjer dei ei linje Kalnes-Finnes. Men for bruk av lys var den gamle linja Sæbø-Leiknes (Leknes) som er den naturlege linja og dekkjer Bondalselva, Norangselva (Storelva) og Urkeelva i Ørsta kommune. Grenselinje for Dalsfjorden er omtala i eige innspel.





Grendalaga meiner det ikkje kan godtakast bruk av lys ved fiske grunnare enn 200 meter djupne og 1000 meter frå land i alle retningar. Snurpenot/ringnot ikkje nærare botn – fritt hengande not – enn 50 meter, og forbod innanfor fastsette fjordlinjer/sperrelinjer. Fiske med snurpenot som når i botn og bruk av lys ved snurpenotfiske er drepende for lokale fiskeartar i tronge område – eitt kast er nok til å setje ein fjord langt tilbake i tid med tanke på fisk, meiner grendalaga.

Ein er akkurat no vitne til andre gongs utfisking av lokale fiskeartar – mot betre vitande – ein opplevde då det same rundt 1960, hevdar dei. Regulering av lysfiske og djup snurpenot må starte no, så kjem fiske på stor morfisk – regulering av garn og andre tiltak så langt det er naudsynt.

Samarbeid med bakgrunn i kunnskap vil nok berge fjordane sin funksjon innanfor eigen bereevne. Når ein registrerer overbelastning utover bereevna må ein regulere bruken – så forske. Ikkje som i dag vente med regulering til «bifangsten» er borte – så avise regulering – for bevisa er borte. Lokale fiskestammer i fjordar og grunne område er og beredskap – å tillate overfiske som i dag er dårleg forvaltning, dårleg matberedskap og dårleg langsiktig økonomi i samfunnet, avsluttar grendalaga.

Oddvar Høydalsvik skriv at forskrifta må ha formuleringar om bruk av lys og snurpenot sin påverknad på lokale fiskestammar og sjøfugl i fjordbotnar og kystområde. Utgangspunktet er at lysforbodssonene var oppheva av Fiskeridirektoratet i J-169-2017. I telefonsamtalar med fiskeridirektoratet sine folk opplyser dei at dette er Statsforvaltaren sitt bord, seier Høydalsvik. Det er høve til å setje grenser mange kilometer ut frå elveosane sine elvemunningsfredingssoner ved behov. Høydalsvik meiner Fiskeridirektoratet si overkøyning av reguleringane til Miljødirektoratet er ei miljøbombe, eller katastrofe for lokale sjøfugl- og fiskebestandar.

Erik S. Andresen meiner forslaget til ny forskrift er særskild inngripande i borgarane sine rettar til å utøve fritidsfiske i sjø. Han meiner det burde vore gjort greie for alternativ til totalt fiskeforbod i munningssona, og det er heller ikkje gjort greie for situasjonen til det enkelte vassdrag. Det er svært lite truleg at situasjonen er lik for alle områder. Han meiner det er lite truleg at forbodet vil bli etterlevd i stor grad ettersom det grip for inn i den enkelte si moglegheit til rekreasjonsfiske. Det å fiske makrell og småsei frå land er ein særskild viktig sommaraktivitet for mange. Andresen meiner ein i større grad vil lukkast med vernetiltak ved å legge ned forbod mot fiske etter anadrom fisk i munningssona framfor eit totalforbod mot fiske. Skulle ein likevel få anadrom fisk kan ein sette den ut i sjø igjen, slik det blir gjort mellom anna på hummar i fredingstida. Han meiner forslaget heller ikkje inneber forenkling. Fritidsfiske i sjø går i all hovudsak ut på fiske etter saltvassfisk.

Han meiner tida for aktivt sjøfiske etter laksefisk er forbi. Forbodet rammar derfor svært mange som ikkje fiskar etter anadrom fisk. Når den reelle grunngevinga er at det er meir behageleg for det offentlege å føre kontroll med at det ikkje blir fiska i det heile mot at det ikkje blir fiska anadrom fisk blir det klart at forslaget ikkje er treffsikkert og blir innført på feile premisar.

Sjølv har han fiska frå land i det som er munningssona i Austefjorden i Volda i over 30 år. Det er særskild sjeldan ein opplever at anadrom fisk bit på. Anadrom fisk har til no blitt slept fri igjen. Dette er eit godt eksempel på at ein kan praktisere forbod mot fiske av anadrom fisk utan å forby all fiske. Denne konkrete munningssona er eit av få område der ålmenta kjem seg ned til sjø, då fjorden elles er stupbratt. Munningssona har også tradisjonelt svært godt fiske utover sommaren og tidleg haust med stort innslag av beitande makrell, sei og lyr. Fiske etter eksempelvis lyr og andre større predatorar inne i munningssona vil sikre utvandrande smolt og beitande sjøaure frå å bli etne opp av større predatorar. Eit forbod mot fiske i munningssona vil dermed auke talet på predatorar som et utvandrande smolt og dermed virke mot sin hensikt.



### 1.18.2 Statsforvaltaren si vurdering

Dei fleste innspela gjeld yrkesfiske med lys og not. Desse er omtala i kap. 2.2. Grendalaga i Volda ønskjer nye grenselinjer for munningsfredingssonene lenger ut i fjordane. Utviding i desse områda var ikkje tema på denne høyringa, forutan grensa i indre Dalsfjord, der vi har stadfesta kor grenselina går. Erik S. Andresen ønskjer heller gjenutsettingspåbod av anadrom laksefisk heile året, enn forbod i tidsperiodar. Dette er ikkje i tråd med nasjonale retningslinjer, men vi brukar dette påbodet i vinterhalvåret. Innspela er elles teke delvis til følge ved at det blir lov å fiske med handsnøre frå båt i ro etter saltvassfisk heile året i munningsfredingssona. Barn og unge under 18 år får fiske med stong frå land etter saltvassfisk heile året utanom mars og april.

## 1.19 Sykkylvsfjorden og Ramstadvika (Aureelva, Fetvassdraget, Vikeelva og Ramstaddalselva)

### 1.19.1 Høyringsinnspel

Sykkylven kommune (nærings- og utviklingsutvalet (NU)) viser til at forbodssona vil gjelde heile Sykkylvsfjorden, samt Ramstadvika. Dette er etter NU si vurdering urimeleg og for omfattande. NU ber difor om ei arealmessig innskrenking av sona. NU er i tillegg sterkt kritiske til at også fiske med stong og handsnøre vart forbode. Tilgang til fiske i sjø er viktig for befolkninga, og ei slik streng regulering som foreslått vil vere svært avgrensande for befolkninga sitt høve til positiv fritidsaktivitet. NU har vanskar med å sjå at forbodet mot stongfiske frå land for desse område vil ha innverknad på laks/sjøaurebestanden i det heile, men altså ha stor negativ konsekvens for trivsel og gode fritidsaktivitetar. NU ber difor om at stongfiske frå land vert tillate i munningsfredingssonene.

Sykkylven kommune, administrasjonen:

Administrasjonen støtter Forum for natur og friluftsliv sin uttale. Anadrom fisk kan eventuelt fredast i større grad enn tidlegare, men det bør vere mogleg å stå på land med ei stang for born og unge, eller vaksne for den saks skuld utan å gjere noko kriminelt. Evt. også frede blankfisk i sjø totalt sett, slik at om ein får blankfisk på stang kan ein sleppe den ut att. Høyringsforslaget er noko rigid etter administrasjonen sitt skjønn.

Sykkylven jeger- og fiskerforening:

Sykkylven JFF skriv at dette er eit stort munningsfredingsområde som inneheld mange vassdrag. Ei heil fjordarm blir omfatta av forskrifta. Dersom den nye forskrifta blir vedtatt, blir det forbode å fiske saltvassfisk i tidsrommet 28.02-01.06 og 31.08-01.10. (Aureelva er open for fiske 01.06 – 31.08)

Dei er klar over at det har vore mykje ulovleg fiske/dorging etter laks- og sjøaure. Den kampen støttar dei fullt og helt, men den utilsikta verknaden av at alt fritidsfiske etter saltvassfisk i dei aktuelle tidsrammene skal bli forbode skjønar vi ikkje. Kvar haust arrangerer Sykkylven JFF ein fiskekonkurranse på Aursneset der det normalt deltek over 50 personar, flest barn og unge. Totalfangsten har ofte vore mellom 50-100 kg. Dei kan ikkje huske at det har vore fiska laks eller sjøaure. Med den nye forskrifta vil denne fiskekonkurransen bli forbode. Det har Sykkylven JFF ingen forståing for.

Sykkylven JFF skjønar skjønar ikkje meininga med å stenge store delar av kommunens sjøareal for fiske etter saltvassfiske heile året. Dei meiner at dette ikkje vil ha nokon innverknad på vilkåra for laks- og sjøaurebestanden. Dei lurar på korleis den nye forskrifta skal handhevast, og ber om at Statsforvaltaren vurderer storleiken på munningsfredingsområdet på nytt.



Sykkylven JFF foreslår forbod mot fiske etter anadrom fisk heile året innanfor munningsfredingssona både på sjø og land i Ramstadvika og utanfor 100m sona. Ingen avgrensing for fiske etter saltvassfisk både på sjø og land heile året utanfor 100 m sona.

### Blindheim grendalag

Grendalaget meiner at høyringsforslaget har ein reguleringsgrad som sterkt går utover innbyggjarane i bygda. Det har vore ein tradisjon i alle år å fiske i fjorden, både frå land og båt. Skuleklasser er på tur i fjøra med fising, familierekreasjon, det er fiskekonkurransar og fiske på fjorden frå båt er ein naturleg del av det å bo her.

Næringsfiske var også ei viktig attåtnæring heilt fram til møbelfabrikkane kom. Uansett årstal har fisket på sei, makrell om sommaren og torsk på vinteren vært viktig for folk som bor her. Med dette nye forslaget så vil det i lange periodar i året være forbode og i praksis så vil fisket på ovannemnte arter ikkje lenger bli eksisterande pga tidsbegrensingane.

Grendalaget meiner reguleringane ikkje er til samfunnets beste, og at enkeltinteresser som oppdrettsselskap og elveeigarar blir profittert. Det er vel og bra å verne om sjøaure og laks, men dette er å gå altfor langt i sin iver etter å redde ein eller to arter. Den kampen burde heller skje i elvene i form av kultivering av sjøaure og laks, og ikkje minst ved å avgrense oppdrettsverksemd som er hovudproblemet til at sjøaurebestanden slit. Dei meiner det ikkje er privatpersonar som fisker i fjorden som er problemet og skal betale prisen for å bygge opp igjen sjøaurebestanden. Det må oppdrettarar og kommunar som einstemmig seier ja til oppdrett i Sykkylven kommune og ikkje minst elveeigarane som einsidig har kultivert berre laks i alle år ta på seg. Der det blir fiska for mykje i elvane må fisket regulerast ned. Grendalaget spør om kvifor det skal være ulovleg å få på ein laks i sjøen, medan det i elva er greitt å ta fleire titals i døgnet fordi ein løyser fiskekort. Det er helt ulogisk sett i et biologisk perspektiv. Står det så dårleg til med sjøaure så må elvane stengast straks, meiner grendalaget. Dei meiner også det bør innførast teljingar på sjøaure og minste bestandsmål også for sjøaure i elvane. Grendalaget sitt forslag er å oppheve forbodet som gjeld i munningssona, med enkelte unntak i fiskemetoder og reiskap som spesifikt går etter anadrom fisk. Munningssonen i bygda er overdimensjonert og har kome i stand på grunn av enkelte personar med private interesser for laksekultivering har jobba knallhardt for å få den dit den er i dag, meiner grendalaget. Det er vel snart landets største munningsssone. Grendalaget meiner ein heller kan ha 200-meterssone og då utøve eit betre vern også i opningstida, samtidig som ein får vekk den provoserande store munningsssona som øydelegg for alt anna fiske i heile fjorden. Grendalaget håpar at innspela blir teke til følge og at barnefamiljar igjen kan fiske i fjøra med godt samvit utan å føle seg som kriminelle.

Anna Elise U. Sylte skriv at høyringsforslaget er eit tiltak for å berge sjøauren, men problemet er at sjøaurebestanden i Sykkylvsfjorden er så låg at det nesten ikkje blir fiska ein einaste sjøaure. Som aktiv fiskar ser ho problemet med den låge sjøaurebestanden, og meiner at fysisk tilrettelegging av gyteplassar for fisken i elvane er einaste tiltak som vil ha noko for seg. Ho har fiska aktivt frå både land og båt i mange år, men aldri fått ein sjøaure på kroken. Ho meiner difor at høyringsforslaget manglar fullstendig rot og kunnskap om dei lokale tilhøva i Sykkylvsfjorden. Sidan det i realiteten ikkje blir fiska sjøaure i Sykkylvsfjorden, vil ikkje tiltaket bidra til formålet om å få opp sjøaurebestanden. Ho meiner difor tiltaket er uforholdsmessig. Sylte viser også til arbeidet til Sykkylven JFF som bidreg til å skape interesse for fiske og friluftsliv, og at dette har ein stor eigenverdi. Det vil bli oppfatta som frustrerande for mange når tiltaket har så lite for seg.



## Ramstadvika (Ramstadelva)

Sykkylven jeger- og fiskerforening skriv at Ramstadelva har vore fiskedød i fleire år. Det har dei siste åra vore sett ut rogn/plommeseekyngel av laks med genmateriale frå Aureelva. Det vil ta mange år før Ramstadelva vil bli opna for fiske. Det betyr at det vil bli forbode å fiske etter saltvassfisk i heile munningsfredingsområdet frå 28.02-01.10. Ramstadvika og Ramstadkaia er eit veldig populært område for fritidsfiske heile året. På Ramstadkaia er det fint tilrettelagt med benkar, og mogleg å søke ly i kaihuset, om det er behov for det. Det er ein fiskerik stad, så det er sjansar for gode fangstar av saltvassfisk. Å forby fritidsfiske etter saltvassfisk i perioden 28.02-01.10 vil ikkje ha nokon innverknad på bestanden av laks og sjøaure, men ha store konsekvensar for fritidsfiske etter saltvassfisk, hevdar Sykkylven JFF.

Sykkylven JFF foreslår forbod mot fiske etter anadrom fisk heile året innanfor munningsfredingssona både på sjø og land i Ramstadvika og utanfor 100m sona. Ingen avgrensing for fiske etter saltvassfisk både på sjø og land heile året utanfor 100 m sona.

Sykkylven kommune (nærings- og utviklingsutvalet) har vanskar med å sjå at forbodet mot stongfiske frå land vil ha innverknad på laks/sjøaurebestanden i det heile, men har stor negativ konsekvens for trivsel og gode fritidsaktivitetar. NU ber difor om at stongfiske frå land vert tillate i munningsfredingssone.

### 1.19.2 Statsforvaltaren si vurdering

Dei fleste innspela går på at fritidsfiske etter saltvassfisk blir innskrenka for mykje, og at munningsfredingssona i Sykkylvsfjorden er veldig stor. Vi minner om at fisketid i Aureelva som er styrande for fisketida i munningsfredingssona er frå 1.6-31.8, slik at det er 8 månader fisketid etter saltvassfisk med stong frå land i Sykkylvsfjorden, men i Ramstadvika er det stengt i sommarhalvåret på grunn av at Ramstadelva er stengt. Statsforvaltaren er ikkje samd i at Ramstadselva har vore heilt fiskedød. Elva er i utgangspunktet registrert med liten sjøaurebestand og liten laksebestand frå naturen si side, og det har vore forsøkt å få opp igjen laksebestanden gjennom kultivering, men dette har hittil vore krevjande. Munningsfredingssona i Sykkylvsfjorden er den klart største i fylket, men har og fleire viktige elvar. Innspela er teke delvis til følge ved at det blir lov å fiske med handsnøre frå båt i ro etter saltvassfisk heile året i begge munningsfredingssone. Barn og unge under 18 år får fiske med stong frå land etter saltvassfisk heile året, utanom mars og april. Det kan vere aktuelt å sjå på om sona bør ha særskilte reglar på neste revidering av forskrifta.

### Endringar i endeleg forskrift

Samanlikna med utkastet til forskrift som ble sendt på høyring, har vi kome fram til nokre endringar i den endelege forskrifta som no er vedteke.